



Kinn kommune

Møtebok

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Måløy rådhus, kommunestyresalen 3. etg
Dato:	19.05.2026
Tid:	Kl. 08:15 - 15:10

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Doris Christensen	Kinn AP
Ninja Tolo Ness	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Tor Åge Gravdal	Kinn AP
Anett Berg	Kinn FrP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Jan Gunnar Holvik	Kinn FrP
Kjell Bjørn Refvik	Kinn FrP
Kjell-Magne Kvalheim	Kinn FrP
Lillian Bratholmen	Kinn FrP
Mats Brunsvik	Kinn FrP
Ronny Mobakken	Kinn FrP
Ørjan Kvalheim	Kinn FrP
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Bente Olseth	Kinn H
Dagrun Almenning Kvalheim	Kinn H
Hanne Eva Husebø Kristensen	Kinn H
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Hege Chatrine Brandsøy	Kinn Rødt
Anita Eikevik	Kinn SP
Elisabeth Halsne	Kinn SP
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Siri Odijk Solbakken	Kinn SV
Anne Marit Seljeseth	Kinn V
Edvard Iversen	Kinn V
Jacob André Telvik Nødseth	Kinn V
Bente Nygård	Kinn AP
Martin Inge Eikås	Kinn FrP

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Ronny Cassells	Kinn AP	Inger Strand Kvalheim	Kinn AP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP	Bjarne Holme	Kinn FrP
Arlene Vågene	Kinn H	Terje Svardahl	Kinn H
Aud Norunn Vig	Kinn KrF		
Kjell-Jarle Oldeide	Kinn Rødt	Marie Kronen Tveranger	Kinn Rødt
Håkon Skram Heggen	UAH	Siri Sunde	Kinn H

Andre som møtte:

Kjell Heggen

Ugild	Sak	Følgjande varamedl. møte	Merknad
Gustav Johan Nydal	073/26		fvl. § 6 2. ledd

Frå administrasjonen møtte:

Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør

Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef

Linda Myhre Larsen, stabsleiar

Iris Gangeskar, konsulent

Mari Halsør, konsulent

Ymse:

Repr. Kvalheim (FrP) tiltredde møtet kl 08.30, under sak 066/26. Han forlot møtet kl 14.10, før sak 071/26.

Repr. Mobakken (FrP) tiltredde møtet kl 13.15, etter behandling av sak 073/26.

Vararepr. Eikås fråtredd.

Behandlingsrekkefølge

Sakene vart behandla i følgjande rekkefølge: 062, 066, 073, 063, 064, 067-072, 074-077.

Habilitetsvurdering

Habilitetsvurdering i sak 071/26 og 073/26.

Måløy, 20.05.2026

Bengt Solheim-Olsen

Ordfører

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
062/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
063/26	Godkjenning av møteprotokoll
064/26	Spørsmål
065/26	Orientering frå ungdommens kommunestyre
066/26	Orienteringar
067/26	Refererte skriv og meldingar
068/26	Gjennomgang av rutinar for protokollføring i kommunale føretak - Kinn kontrollutval
069/26	Endring av løyve for sal av alkoholhaldig drikk - Raudeberg Mat AS
070/26	Skjenkeløyve Pinot Vinbar AS 2026-2028
071/26	Mellombels endring av Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningsliner utvida opningstider under fotball-VM 2026
072/26	Kommuneplanens arealdel - Handsaming av Terøya, NÆ208 - næringsareal med motsegn
073/26	Gjentatt slutthandsaming av detaljregulering for Måsholmen - Håskjæra, gbnr. 28/3, næring og hamn. PlanID 20220102
074/26	Sluttbehandling - Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157, offentlig formål
075/26	Suppleringsval - varamedlem i formannskapet - SP
076/26	Interpellasjonar
005/26	Interpellasjon - Om Skyss bestilling i Vågsøy-området
077/26	Mogleg utviding av røystekrinsar til rådgjevande folkerøysting om målform på Skram skole



Saksnr.	Utval	Møtedato
062/26	Kommunestyret	19.05.2026

Godkjenning av innkalling og sakliste

KOST- 062/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Saka "Mogleg utviding av røystekrinsar til rådgjevande folkerøysting om målform på Skram skole" settast på saklista.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Kommunestyret 19.05.2026:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:

Ordførar ber om at sak 073/26: Gjentatt slutthandsaming av detaljregulering for Måsholmen - Håskjæra vert starta kl 10, grunna forutsigbarhet for pulikum i ei sak med stor interesse. Kommunestyret vedtar samrøystes endringa.

Ordførar foreslår å sette ei ekstra sak på saklista:

"Mogleg utviding av røystekrinsar til rådgjevande folkerøysting om målform på Skram skole"

Kommunestyret vedtar samrøystes at saka skal settast på saklista.


Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 062/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Saka "Mogleg utviding av røystekrinsar til rådgjevande folkerøysting om målform på Skram skole" settast på saklista.



Saksnr.	Utval	Møtedato
063/26	Kommunestyret	19.05.2026

Godkjenning av møteprotokoll

KOST- 063/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i Kommunestyret 19.05.2026:

Røysting:


Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 063/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 09.04.2026



Saksnr.	Utval	Møtedato
064/26	Kommunestyret	19.05.2026

Spørsmål

KOST- 064/26 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 19.05.2026:

Spørsmål frå SP v/repr. Midtbø:

Noko må gjerast med Brandsøvegen
Vegen i Nordalsfjorden ned mot fergekaia er farleg og må gjerast noko med, samt
rekkverk i Grøndalen.

Svar frå ordførar:

Ordførar har sendt e-post til fylkeskommunen om dette.

Spørsmål frå Venstre v/repr. Nødseth:

1. Jotunet skal ha jubileumsutstilling i Florø kulturhus, med oppheng av bilder rundt om. Har blitt fortalt at kommunen krever leige for dette, stemmer det?
2. Stilte spørsmål i formannskapet om kostnad ved brannstasjonen, då notat om dette kom. Kommunen skulle få gratis stein, men har betalt 8,5 mill for dette. Kva har skjedd?

Svar frå kommunedirektør:


1. Kinn kommune spilte inn stein til brannstasjonen på Trollskjæret som 1 pri i samband med utjuping av mortingsbåen. Det var kurrant å prioritere offentlege tiltak, før private. Gjeldande reguleringsplan opna for fylling. Når dette vart vurdert nærare av kystverket ville ikkje kystverket levere på plassen pga. dei topografiske forholda ikkje gjorde det mogleg å levere stein frå aktuell lekter. Difor måtte stein kjøpast.
2. Tilbodet er i samsvar med gjeldande satser, vedteke av kommunestyret. T.d. må også barn og unge betale etter vedtekne satser. Alle blir handsame likt.

Raudt v/repr. Brandsøy:

Etterlyser møte i TV-aksjonen
Ordførar svarar at det skal ein få kalla inn til snarast.

KOST- 064/26 Vedtak:

Ingen vedtak.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/32429
Sakshandsamar: Mari Halsør
Dato: 12.05.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
065/26	Kommunestyret	19.05.2026

Orientering frå ungdommens kommunestyre

KOST- 065/26 Vedtak:

Ingen vedtak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:


Orienteringa vert teke til vitande.

Behandling i Kommunestyret 19.05.2026:

Orienteringa utgår, då ungdommens kommunestyre ikkje er til stade.

KOST- 065/26 Vedtak:

Ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
066/26	Kommunestyret	19.05.2026

Orienteringar

KOST- 066/26 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Orienteringar:

Status kommuneplanens arealdel
Naturpolitisk dokument v/Vestlandsforskning

Behandling i Kommunestyret 19.05.2026:

Orienteringar:

Status kommuneplanens arealdel v/kommunalsjef Rolf Bjarne Sund – presentasjon vedlagt saka.


Naturpolitisk dokument v/Torbjørn Selseng frå Vestlandsforskning – presentasjon vedlagt saka.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KOST- 066/26 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.



Saksnr.	Utval	Møtedato
067/26	Kommunestyret	19.05.2026

Refererte skriv og meldingar

KOST- 067/26 Vedtak:

Meldingane vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 19.05.2026:

RS008/26 - Forslag fra Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Raudt
Kommunestyret finn ikkje grunnlag for å stille spørsmål ved kvaliteten på revisjonen sine rapportar på bakgrunn av den aktuelle uttalen.
Kommuneatytret vil likevel peike på viktigheita av:
☐ å ivareta revisjonen sin uavhengigheit
☐ god rolleforståing i handsaming av revisjonsrapportar
☐ tillit til kommunen si eigarutøving

Røysting:

Framlegg frå Raudt v/repr. G. Oldeide i sak 008/26 falt med 4 røyster fra Raudt.
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KOST- 067/26 Vedtak:

Meldingane vert teke til etterretning slik dei ligg føre.


Underliggende sak:

006/26, Kontrollutvalet si oppfølging av møtegodtgjersle/tapt arbeidsforteneste

007/26, Melding om vedtak frå Kontrollutvalet: Forvaltningsrevisjon av internkontroll - godkjenning av prosjektplan

008/26, Melding om vedtak frå Kontrollutvalet: Uttale om revisjonen sine rapportar i kommunestyremøte 09.04.2026

009/26, Møteprotokoll - Kinn kontrollutval - 27.04.2026



Saksnr.	Utval	Møtedato
068/26	Kommunestyret	19.05.2026

Gjennomgang av rutinar for protokollføring i kommunale føretak - Kinn kontrollutval

KOST- 068/26 Vedtak:

1. Kommunestyret tek saka om protokollføring i kommunale føretak til vitande.
2. Administrasjonen kallar inn leiarane i dei kommunale føretaka til gjennomgang av rutinar for protokollføring, for å sikre lik praksis og tilstrekkeleg notoritet.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek saka om protokollføring i kommunale føretak til vitande.
2. Administrasjonen kallar inn leiarane i dei kommunale føretaka til gjennomgang av rutinar for protokollføring, for å sikre lik praksis og tilstrekkeleg notoritet.

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet handsama i møte 09.03.2026, ei kartlegging av rutinar for protokollføring og dokumentasjonsforvaltning i dei kommunale føretaka i Kinn kommune. Saka bygde på ein gjennomgang utført av sekretariatet, basert på tilbakemeldingar frå alle dei fire kommunale føretaka.

Kontrollutvalet tok saka til orientering og gjorde samstundes ei tilråding til kommunestyret om å vurdere om det bør utarbeidast felles retningslinjer for protokoll- og journalføring i kommunale føretak.

Saksopplysningar:

Kinn kontrollutval fatta følgjande vedtak i sak 14/26 «Gjennomgang av rutinar for protokollføring i kommunale føretak»:

«Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Kontrollutvalet kjem med slik tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren vurdere om det bør utarbeidast felles retningslinjer for protokoll- og journalføring i kommunale føretak, med sikte på å sikre:

a. lik praksis,

- b. tilstrekkeleg notoritet, også i orienteringssaker,
 - c. tydeleg skilje mellom orientering og vedtak.
2. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding innan 15. mai 2026.»

I møte 26.01.2026 vedtok kontrollutvalet at sekretariatet skulle utarbeide ei sak om protokollføring i alle kommunale føretak til neste møte. Sekretariatet sendte i etterkant ut ei kartlegging til dei kommunale føretaka for å kartlegge praksis.

Det vart stilt spørsmål til føretaka om:

- rutinar for protokollføring
- innhald i protokoll
- godkjenning og signering
- journalføring og arkivering
- retningslinjer
- skilje mellom dagleg drift og styresaker

Kartlegginga viste at:

- alle dei kommunale føretaka fører protokoll frå styremøta
- protokoll vert godkjent i påfølgjande styremøte
- vedtak vert protokollførte
- dokument vert journalførte og arkiverte i tråd med arkivregelverket

Vidare peikar kartlegginga på at det er noko variasjon mellom føretaka når det gjeld detaljnivå i protokollane, særleg knytt til referat av drøftingar og orienteringar, og i stor grad munnlege avklaringar vert protokollførte.

Det vart ikkje avdekt forhold som tyder på brot på kommunelova, forvaltningslova eller arkivregelverket.

Vurderingar:

Kommunedirektøren har vurdert kartlegginga slik ho ligg føre. Det vert lagt til grunn at dei kommunale føretaka oppfyller gjeldande lovkrav til protokollføring, journalføring og dokumentasjonsforvaltning.

Dei kommunale føretaka har i sine vedtekter at dei skal følgje kommunelova, offentlegheitslova og forvaltningslova sine reglar, samt kommunale retningslinjer. I dette ligg blant anna gjennomføring av styremøter og protokollføring.

Den variasjonen som kjem fram i kartlegginga knyter seg i hovudsak til skjønsmessige vurderingar av detaljnivå i protokollane, og ikkje til manglande rutinar eller system. Kommunedirektøren vurderer at dette ligg innanfor ramma av forsvarleg praksis.

Likevel har administrasjonen i etterkant av tilbakemeldinga frå kontrollutvalet, gjort følgjande tiltak:

Rutinane er gjennomgått på nytt og oppdatert pr. 20.04.2026.

Oppdaterte rutinar er sendt til dei kommunale føretaka og oppdatert i kvalitetssystemet Compilo.

Leiarane i dei kommunale føretaka vert kalla inn til gjennomgang og oppfrisking i protokollføring, der ein spesifikt går gjennom presiseringane frå kontrollutvalet.

På dette grunnlaget finn kommunedirektøren at eksisterande regelverk, rutinar, praksis og presisering er tilstrekkelege på noverande tidspunkt.

Dei kommunale føretaka tek kontakt med politisk sekretariat ved behov for avklaringar eller bistand.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje aktuelt.

Behandling i Kommunestyret 19.05.2026:

Røysting:Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KOST- 068/26 Vedtak:


1. Kommunestyret tek saka om protokollføring i kommunale føretak til vitande.
2. Administrasjonen kallar inn leiarane i dei kommunale føretaka til gjennomgang av rutinar for protokollføring, for å sikre lik praksis og tilstrekkeleg notoritet.

Vedlegg i saken:

For handsaming i kommunestyret Gjennomgang av rutinar for protokollføring i kommunale føretak

Saksframlegg 14/26 - Gjennomgang av rutinar for protokollføring i kommunale føretak

Oversikt kartlegging protokollføring i KF Kinn kommune



Saksnr.	Utval	Møtedato
024/26	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	11.05.2026
069/26	Kommunestyret	19.05.2026

Endring av løyve for sal av alkoholhaldig drikk - Raudeberg Mat AS

KOST- 069/26 Vedtak:

Kinn kommune innvilgar søknad om endring av eksisterande salsløyve for alkohol, slik at dette også omfattar fjernbetent drift ved butikk på Raudeberg, på følgjande vilkår:

1. Det må ligge føre gyldig salsløyve etter alkohollova
2. Sal skal skje innanfor kommunalt fastsette salstider
3. Det skal vere etablert dokumenterte og forsvarlege løysingar for alderskontroll
4. Det skal vere løysingar som sikrar vurdering av ruspåverknad ved sal
5. Sal og utlevering skal skje i tråd med lovverket.
6. Verksemda skal ha tilfredsstillande internkontroll
7. Verksemda skal akseptere og leggje til rette for kommunal kontroll og tilsyn

Løyvet kan trekkjast tilbake dersom vilkåra ikkje vert oppfylte eller praksis ikkje er i tråd med regelverket.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 11.05.2026

Kinn kommune innvilgar søknad om endring av eksisterande salsløyve for alkohol, slik at dette også omfattar fjernbetent drift ved butikk på Raudeberg, på følgjande vilkår:

1. Det må ligge føre gyldig salsløyve etter alkohollova
2. Sal skal skje innanfor kommunalt fastsette salstider
3. Det skal vere etablert dokumenterte og forsvarlege løysingar for alderskontroll
4. Det skal vere løysingar som sikrar vurdering av ruspåverknad ved sal
5. Sal og utlevering skal skje i tråd med lovverket.
6. Verksemda skal ha tilfredsstillande internkontroll
7. Verksemda skal akseptere og leggje til rette for kommunal kontroll og tilsyn

Løyvet kan trekkjast tilbake dersom vilkåra ikkje vert oppfylte eller praksis ikkje er i tråd med regelverket.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune innvilgar søknad om endring av eksisterande salsløyve for alkohol, slik at dette også omfattar fjernbetent drift ved butikk på Raudeberg, på følgjande vilkår:

1. Det må ligge føre gyldig salsløyve etter alkohollova

2. Sal skal skje innanfor kommunalt fastsette salstider
3. Det skal vere etablert dokumenterte og forsvarlege løysingar for alderskontroll
4. Det skal vere løysingar som sikrar vurdering av ruspåverknad ved sal
5. Sal og utlevering skal skje i tråd med lovverket.
6. Verksemda skal ha tilfredsstillande internkontroll
7. Verksemda skal akseptere og leggje til rette for kommunal kontroll og tilsyn

Løyvet kan trekkjast tilbake dersom vilkåra ikkje vert oppfylte eller praksis ikkje er i tråd med regelverket.

Bakgrunn for saka:

Raudeberg Mat AS, org nr: 815 078 632, har i dag eit fast salsløyve som vart vedteke i Kinn kommunestyret sak 050/24. Dei har den 13.04.26 søkt Kinn kommune om å ta i bruk fjernbetent butikkløysing for sal av alkohol i delar av opningstida, der butikken ikkje er fysisk bemanna.

Saksopplysningar:

Raudeberg Mat AS er eit sentralt handelstilbod for lokalbefolkninga, og fungerer som eit viktig knutepunkt for fleire tenester og næringsaktivitetar i området.

Ved å ta i bruk ei fjernbetent butikkløysing vil verksemda kunne bidra til betre tilgang til daglegvarer i distriktet, meir fleksible opningstider, samt styrke grunnlaget for vidare drift og oppretthalding av arbeidsplassar.

Ved sal av alkohol frå fjernbetent butikk er det lagt fram ei teknologisk løysing som skal ivareta sentrale kontrollomsyn:

Kontroll av alder og tilgang

- Kundar må identifisere seg med BankID eller tilsvarande sikker e-ID før kjøp av aldersavgrensa varer
- Alkohol og tobakk vert oppbevart i låste skap
- Utlevering skjer først når vilkår er oppfylte og kjøpet er godkjent

Fjernbetent bemanning

- Kjøp av alkohol vert handtert av ein fjernoperatør
- Operatør kan nekte sal ved tvil om alder eller ved teikn til ruspåverknad

Salstider og sperrer

- Systemet har tidsstyrte sperrer som hindrar sal utanfor lovlege salstider
- Skap vert automatisk låst utanom tillatt tid

Kontroll og sporbarheit

- Systemet loggfører relevante hendingar (t.d. kjøp, forsøk, avvisingar og avvik)

- Det er etablert rutinar for internkontroll, opplæring og avvikshandtering

Kommunedirektøren vurderer at desse tiltaka i stor grad svarar på krava i alkohollova knytt til alderskontroll og kontroll med ruspåverknad. Samstundes er dette eit område under utvikling, og det er naudsynt med tett oppfølging.

Kinn kommune har allereie opna for fjernbetente butikkøysingar. Løysinga inneber at kundar vert identifiserte gjennom sikre digitale løysingar, lokalet er kameraovervaka, og det er mogleg å få kontakt med betening ved behov.

Stortinget har i 2026, etter tilråding frå helse- og omsorgskomiteen, opna opp for at kommunar kan tillate sal av alkohol og tobakk i fjernbetente butikkar, føresett at løysingane oppfyller krava i gjeldande lovverk.

Vurderingar:

Kommunedirektøren vurderer at Spar Raudeberg har ei viktig rolle som lokal butikk og tenestetilbydar, og at utvida opningstider gjennom fjernbetent drift vil vere positivt for både innbyggjarar og næringsliv.

Samtidig stiller alkohollova strenge krav til kontroll med alder og ruspåverknad. Det er avgjerande at den teknologiske løysinga som vert nytta gir tilstrekkeleg tryggleik for:

- sikker identifisering av kundar
- forsvarleg alderskontroll
- moglegheit for vurdering av ruspåverknad (t.d. via sanntids oppfølging)

Erfaringar frå tidlegare butikkar i Kinn kommune og pilotkommunar viser at slike løysingar kan fungere i praksis, men at det må stillast klare vilkår og først aktiv kontroll.

Kommunedirektøren legg til grunn at Kinn kommune allereie har opna for sal av alkohol frå fjernbetente butikkar.

Kommunedirektøren tilrår at løyve vert gjeve som framlegg til vedtak viser.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Sak - stortinget.no](https://stortinget.no)

[Alkoholpolitiske retningslinjer 2024 - 2028 - Kinn kommune](#)

[Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. \(alkoholloven\) - Lovdata](#)

[Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. \(alkoholforskriften\) - Lovdata](#)

Behandling i Kommunestyret 19.05.2026:

Utsettelsesforslag, foreslått av Jon Valur Olafsson, Kinn SenterpartiUavhengigKinn Sosialistisk Venstreparti

Kommunestyret viser til søknad fra Raudeberg Mat om løyve til salg av alkoholholdig drikk i fjernbetjent butikk. Kommunestyret utsetter saka til en får gjennomført revisjon av Kinn Kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer.

Røysting:

Utsetjingsframlegg frå SV v/repr. Solbakken falt med 14 røyster (4 Raudt, 2 SV, 1 KrF, 7 AP v/Hovland, Gravdal, Teigen, Ødegård Standal, Strand Kvalheim, Christensen og Tolo Ness).

Innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet vedtatt mot 12 røyster (4 Raudt, 2 SV, 6 AP v/Hovland, Gravdal, Teigen, Ødegård Standal, Strand Kvalheim, Christensen).

KOST- 069/26 Vedtak:

Kinn kommune innvilgar søknad om endring av eksisterande salsløyve for alkohol, slik at dette også omfattar fjernbetent drift ved butikk på Raudeberg, på følgjande vilkår:

1. Det må ligge føre gyldig salsløyve etter alkohollova
2. Sal skal skje innanfor kommunalt fastsette salstider
3. Det skal vere etablert dokumenterte og forsvarlege løysingar for alderskontroll
4. Det skal vere løysingar som sikrar vurdering av ruspåverknad ved sal
5. Sal og utlevering skal skje i tråd med lovverket.
6. Verksemda skal ha tilfredsstillande internkontroll
7. Verksemda skal akseptere og leggje til rette for kommunal kontroll og tilsyn

Løyvet kan trekkjast tilbake dersom vilkåra ikkje vert oppfylte eller praksis ikkje er i tråd med regelverket.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 11.05.2026:**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

HSOUV- 024/26 Vedtak:


Kinn kommune innvilgar søknad om endring av eksisterande salsløyve for alkohol, slik at dette også omfattar fjernbetent drift ved butikk på Raudeberg, på følgjande vilkår:

1. Det må ligge føre gyldig salsløyve etter alkohollova
2. Sal skal skje innanfor kommunalt fastsette salstider
3. Det skal vere etablert dokumenterte og forsvarlege løysingar for alderskontroll
4. Det skal vere løysingar som sikrar vurdering av ruspåverknad ved sal
5. Sal og utlevering skal skje i tråd med lovverket.
6. Verksemda skal ha tilfredsstillande internkontroll
7. Verksemda skal akseptere og leggje til rette for kommunal kontroll og tilsyn

Løyvet kan trekkjast tilbake dersom vilkåra ikkje vert oppfylte eller praksis ikkje er i tråd med regelverket.

Vedlegg i saken:

Søknad/melding om endret driftsopplegg - betjent/fjernbetjent butikkdrift



Saksnr.	Utval	Møtedato
025/26	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	11.05.2026
070/26	Kommunestyret	19.05.2026

Skjenkeløyve Pinot Vinbar AS 2026-2028

KOST- 070/26 Vedtak:

Pinot Vinbar AS, org 937 547 544, ved dagleg leiar Martin Malkenes, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokale for det, Strandgata 24, 6905 Florø.

Løyvet gjeld til og med 30.09.2028.

Godkjent styrar: Martin Malkenes, f. 15.06.1977
Godkjent stadavløysar: Siri Sande, f. 20.03.1978
Godkjent lokale: Pinot Vinbar AS, Strandgata 24, 6905 Florø
Type verksemd: Vinbar
Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med inntil 60% alkohol

Vilkår:

Løyvet vert gitt med dei til ei kvar tid gjeldande vilkår for skjenkestader, jf. alkohollova med tilhøyrande forskrifter og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2024–2028.

Det er ein føresetnad for løyvet at lokalet er endeleg godkjent i samsvar med gjeldande lovverk, og at dokumentasjonen som ligg føre oppfyller krava etter lov om omsetning av alkoholhaldig drikk m.m. (alkohollova).

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Pinot Vinbar AS	08.00-02.00	13.00-02.00	01.00	01.00

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 11.05.2026

Pinot Vinbar AS, org 937 547 544, ved dagleg leiar Martin Malkenes, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokale for det, Strandgata 24, 6905 Florø.

Løyvet gjeld til og med 30.09.2028.

Godkjent styrar: Martin Malkenes, f. 15.06.1977
Godkjent stadavløysar: Siri Sande, f. 20.03.1978
Godkjent lokale: Pinot Vinbar AS, Strandgata 24, 6905 Florø
Type verksemd: Vinbar
Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med
inntil 60% alkohol

Vilkår:

Løyvet vert gitt med dei til ei kvar tid gjeldande vilkår for skjenkestader, jf. alkohollova med tilhøyrande forskrifter og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2024–2028.

Det er ein føresetnad for løyvet at lokalet er endeleg godkjent i samsvar med gjeldande lovverk, og at dokumentasjonen som ligg føre oppfyller krava etter lov om omsetning av alkoholhaldig drikk m.m. (alkohollova).

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Pinot Vinbar AS	08.00-02.00	13.00-02.00	01.00	01.00

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Pinot Vinbar AS, org 937 547 544, ved dagleg leiar Martin Malkenes, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokale for det, Strandgata 24, 6905 Florø.

Løyvet gjeld til og med 30.09.2028.

Godkjent styrar: Martin Malkenes, f. 15.06.1977
Godkjent stadavløysar: Siri Sande, f. 20.03.1978
Godkjent lokale: Pinot Vinbar AS, Strandgata 24, 6905 Florø
Type verksemd: Vinbar
Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med
inntil 60% alkohol

Vilkår:

Løyvet vert gitt med dei til ei kvar tid gjeldande vilkår for skjenkestader, jf. alkohollova med tilhøyrande forskrifter og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2024–2028.

Det er ein føresetnad for løyvet at lokalet er endeleg godkjent i samsvar med gjeldande lovverk, og at dokumentasjonen som ligg føre oppfyller krava etter lov om omsetning av alkoholhaldig drikk m.m. (alkohollova).

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Pinot Vinbar AS	08.00-02.00	13.00-02.00	01.00	01.00

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune har motteke søknad om skjenkeløyve frå Pinot Vinbar AS, som ønskjer å etablere og drive vinbar i Florø. Søknaden om bruksendring av lokalet er framleis til

endeleg behandling. Lokalet er i dag registrert for butikkdrift, og det er søkt om omdisponering til restaurant- og vinbardrift. Naudsynte dokumentasjonar er innleverte og oppfyller krava for behandling av søknad om skjenkeløyve.

Det blir søkt om løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3.

Saksopplysningar:

Pinot Vinbar AS er eit nyetablert selskap i Florø. Søknaden om endeleg bruksendring er framleis under behandling, men verksemda har levert all nødvendig dokumentasjon i tråd med gjeldande krav for denne typen søknader. Det har tidlegare vore butikkdrift i lokalet, og det er difor ikkje behov for ny reguleringsplan. Søknaden er handsama i tråd med serveringslova og alkohollova. Det vert søkt om uteservering på eit avgrensa område, jf. vedlagde teikningar.

Vurderingar:

Pinot Vinbar AS har levert nødvendig dokumentasjon i samsvar med krava som gjeld for denne typen søknader. Det har tidlegare vore butikkdrift i lokalet. Gjeldande reguleringsplan understrekar at det er viktig å bygge oppunder Strandgata som ei gate med aktivitet, opplevingar, levande lokalar, handel og publikumsfunksjonar.

Søknaden er vurdert i samsvar med serveringslova og alkohollova. Kommunedirektøren tilrår at skjenkeløyve vert gjeve slik det går fram av søknaden.

Økonomiske konsekvensar:

Det vil i samsvar med gjeldande lovverk bli gjennomført kontroll med utføring av det gjeve løyvet. Dette vert utført av det kontrollselskap kommunen har avtale med. Vidare vil Kinn kommune kvart år krevje inn gebyr for å inneha kommunalt løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk. Dette gebyret skal dekke dei utgifter kommunen har med oppfølging og kontroll med det gjeve løyvet.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk av 02.06.1989, nr. 27 \(alkohollova\)](#) med seinare tillegg og endringar.

[Forskrift av 08.06.2005 nr. 538 om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v](#) med seinare tillegg og endringar.

[Forskrift av 15.12.1994 nr. 1187 om internkontroll for å oppfylle næringsmiddelavgjevinga.](#)

[Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer](#), godkjent i kommunestyre i sak 050/24, den 04. april 2024.

Behandling i Kommunestyret 19.05.2026:

Røysting:

Innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet samrøystes vedtatt.

KOST- 070/26 Vedtak:

Pinot Vinbar AS, org 937 547 544, ved dagleg leiar Martin Malkenes, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokale for det, Strandgata 24, 6905 Florø.

Løyvet gjeld til og med 30.09.2028.

Godkjent styrar: Martin Malkenes, f. 15.06.1977
Godkjent stadavløysar: Siri Sande, f. 20.03.1978
Godkjent lokale: Pinot Vinbar AS, Strandgata 24, 6905 Florø
Type verksemd: Vinbar
Alkoholware: Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med inntil 60% alkohol

Vilkår:

Løyvet vert gitt med dei til ei kvar tid gjeldande vilkår for skjenkestader, jf. alkohollova med tilhøyrande forskrifter og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2024–2028.

Det er ein føresetnad for løyvet at lokalet er endeleg godkjent i samsvar med gjeldande lovverk, og at dokumentasjonen som ligg føre oppfyller krava etter lov om omsetning av alkoholhaldig drikk m.m. (alkohollova).

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Pinot Vinbar AS	08.00-02.00	13.00-02.00	01.00	01.00

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 11.05.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

HSOUV- 025/26 Vedtak:

Pinot Vinbar AS, org 937 547 544, ved dagleg leiar Martin Malkenes, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokale for det, Strandgata 24, 6905 Florø.

Løyvet gjeld til og med 30.09.2028.

Godkjent styrar: Martin Malkenes, f. 15.06.1977
Godkjent stadavløysar: Siri Sande, f. 20.03.1978
Godkjent lokale: Pinot Vinbar AS, Strandgata 24, 6905 Florø
Type verksemd: Vinbar
Alkoholware: Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med inntil 60% alkohol

Vilkår:

Løyvet vert gitt med dei til ei kvar tid gjeldande vilkår for skjenkestader, jf. alkohollova med tilhøyrande forskrifter og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2024–2028.

Det er ein føresetnad for løyvet at lokalet er endeleg godkjent i samsvar med gjeldande lovverk, og at dokumentasjonen som ligg føre oppfyller krava etter lov om omsetning av alkoholhaldig drikk m.m. (alkohollova).

Godkjende opnings- og skjenketider:


Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Pinot Vinbar AS	08.00-02.00	13.00-02.00	01.00	01.00

Vedlegg i saken:

Pinot Vinbar tegning lokale

Beskrivelse uteservering Pinot Vinbar AS

Situasjonskart Strandgata 24



Saksnr.	Utval	Møtedato
023/26	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	11.05.2026
071/26	Kommunestyret	19.05.2026

Mellombels endring av Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer utvida opningstider under fotball-VM 2026

KOST- 071/26 Vedtak:

1. Under føresetnad av at det vert vedteke ei mellombels endring i alkohollova i tråd med Prop. 88 L (2025–2026), vedtek Kinn kommunestyre følgjande mellombelse punkt 6.4 i Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for alkoholhaldig drikk og om opningstider for serveringsstadar:

Skjenketider under fotball-VM 2026

For perioden 11. juni til 19. juli 2026 vert maksimal skjenketid for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 fastsett til kl. 06.00.

Den utvida skjenketida gjeld berre for skjenkestadar som viser direktesende kampar frå fotball-VM for herrar 2026 for sine gjestar, og som kan leggja fram dokumentasjon på betalt lisens for offentlig visning av kampane.

Den utvida skjenketida gjeld for skjenking innandørs, inkludert telt. For utandørs servering gjeld ordinære skjenketider etter § 6.5 i retningslinene.

All konsumering av alkoholhaldig drikk skal vere avslutta seinast 30 minutt etter skjenketida sitt sluttidspunkt for dei respektive alkoholgruppene.

2. Eventuell sakshandsaming av søknader om endring av skjenketid eller opningstid for skjenkestadar som skal vise direktesende VM-kampar, vert delegert til kommunedirektøren.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 11.05.2026

1. Under føresetnad av at det vert vedteke ei mellombels endring i alkohollova i tråd med Prop. 88 L (2025–2026), vedtek Kinn kommunestyre følgjande mellombelse punkt 6.4 i Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for alkoholhaldig drikk og om opningstider for serveringsstadar:

Skjenketider under fotball-VM 2026

For perioden 11. juni til 19. juli 2026 vert maksimal skjenketid for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 fastsett til kl. 06.00.

Den utvida skjenketida gjeld berre for skjenkestadar som viser direktesende kampar frå fotball-VM for herrar 2026 for sine gjestar, og som kan leggja fram dokumentasjon på betalt lisens for offentleg visning av kampane.

Den utvida skjenketida gjeld for skjenking innandørs, inkludert telt. For utandørs servering gjeld ordinære skjenketider etter § 6.5 i retningslinene.

All konsumering av alkoholhaldig drikk skal vere avslutta seinast 30 minutt etter skjenketida sitt sluttidspunkt for dei respektive alkoholgruppene.

2. Eventuell sakshandsaming av søknader om endring av skjenketid eller opningstid for skjenkestadar som skal vise direktesende VM-kampar, vert delegert til kommunedirektøren.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Under føresetnad av at det vert vedteke ei mellombels endring i alkohollova i tråd med Prop. 88 L (2025–2026), vedtek Kinn kommunestyre følgjande mellombelse punkt 6.4 i Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for alkoholhaldig drikk og om opningstider for serveringsstadar:

Skjenketider under fotball-VM 2026

For perioden 11. juni til 19. juli 2026 vert maksimal skjenketid for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 fastsett til kl. 06.00.

Den utvida skjenketida gjeld berre for skjenkestadar som viser direktesende kampar frå fotball-VM for herrar 2026 for sine gjestar, og som kan leggja fram dokumentasjon på betalt lisens for offentleg visning av kampane.

Den utvida skjenketida gjeld for skjenking innandørs, inkludert telt. For utandørs servering gjeld ordinære skjenketider etter § 6.5 i retningslinene.

All konsumering av alkoholhaldig drikk skal vere avslutta seinast 30 minutt etter skjenketida sitt sluttidspunkt for dei respektive alkoholgruppene.

1. Eventuell sakshandsaming av søknader om endring av skjenketid eller opningstid for skjenkestadar som skal vise direktesende VM-kampar, vert delegert til kommunedirektøren.

Øverst i skjemaet Nederst i skjemaet

Øverst i skjemaet

Nederst i skjemaet

Bakgrunn for saka:

Helse- og omsorgsdepartementet har fremja eit lovforslag til Stortinget om mellombels endring av alkohollova sine føresegnar om maksimaltid for skjenking i samband med fotball-VM for herrar 2026.

I samband med at lovforslaget vart på høyring, var saka også oppe i Helse-, sosial og

omsorgsutvalet i møte 24. mars 2026, sak KS-26/021.

Vedtaket lyd slik:

Dersom Stortinget vedtek ei mellombels endring i alkohollover sine føresegner om maksimal skjenketid i samband med fotball-VM for herrar i 2026, ønskjer Kinn kommune følgjande:

Kinn kommunestyre ønskjer å greie ut ei mogleg mellombels endring av skjenketidene under fotball-VM 2026, og ber kommunedirektøren sende følgjande framlegg til nytt mellombels punkt 6.4. i alkoholpolitiske retningslinene om sals- og skjenketider for alkoholhaldig drikk og om opningstider for serveringsstadar til offentleg høyring:

Nytt mellombels punkt 6.4. i alkoholpolitiske retningslinene:

Skjenketider under fotball-VM 2026 For perioden 11. juni til 19. juli 2026 vert maksimal skjenketid for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 fastsett til kl. 06.00.

Skjenketida gjeld berre for skjenkestadar som viser direktesende kampar under fotball-VM for herrar 2026 for stadens gjestar.

Skjenketida gjeld for skjenking innandørs og det vil inkludere telt. For utandørs servering gjeld ordinære skjenketider som vist under § 6.5. All konsumering av alkoholhaldig drikk skal seinast vere avslutta ½ time etter skjenketids slutt for dei respektive alkoholgrupper.

Kinn kommunestyre ber kommunedirektøren leggje opp til ein brei og open høyringsprosess, men likevel tilstrekkeleg effektiv til at saka kan handsamast i kommunestyremøte 19. mai 2026. Kinn kommunestyre vil først då ta endeleg stilling til saka.

Sidan møteplanen viser at Helse-, omsorg- og sosialutvalet ikkje har møte mellom 24. mars og 2. juni, ber kommunedirektøren om dispensasjon frå ordinær sakshandsaming i utvalet, og at kommunestyret får mynde til å handsame saka direkte, eller at ein sett opp eit ekstraordinært møte i utvalet før den 08. mai 2026.

Helse-, sosial- og omsorgsutvalet vil ha saka opp igjen i eit ekstraordinært møte før den skal handsamast i kommunestyret 19. mai.

Høyring

Kinn kommune har sendt saka på høyring. Frist for innspel var 05. mai 2026 og administrasjonen har motteke innspel frå fire aktørar. Tre av høyringsinstansane stiller seg positive til den foreslegne endringa, medan éin organisasjon uttrykkjer skepsis til ei utviding av skjenketida. Samla sett viser høyringa brei støtte til endringa, samstundes som dei kritiske merknadene vert tekne med i den vidare politiske vurderinga.

Oppsummering av innspel etter høyring:

IOGT Norge - Landsomfattande ruspolitisk organisasjon

«IOGT rår til at kommunen ikkje utvidar skjenketidene, men ber heller om at det blir lagt til rette for inkluderande og trygge visningsarenaer som er opne for alle generasjonar og grupper i samfunnet.

For å legge til rette for fotballinteresserte utan å svekke dagens alkoholpolitikk, meiner dei at det er fullt mogleg å legge til rette for visning av VM-kampane på skjenkestadar utan å utvide skjenketidene. Alkoholsalet kan avsluttast etter slik reglane er i dag, men skjenkestadane kan halde opent for gjestar som ynskjer å bli verande for å sjå kampane. I lys av samanheng mellom alkoholtilgjenge og vald, anbefaler dei auka nærvær av politi, hyppigare skjenkekontrollar.

IOGT viser til forskning som seier at auka alkoholtilgjenge føre til fleire valdshendingar og omsynet til barnets beste og til samfunnet sårbare grupper må tilleggas avgjerande vekt. IOGT viser til at regjeringa og World Health Organization (WHO) har som mål å redusere skadeleg alkoholbruk med 20% innan 2030. Tiltaket om å regulere tilgjenge er innafør kommunens handlingsrom. Dei ber difor om at kommunen tar ansvaret på alvor og

nyttar kommunes skjenkepolitikk som verkemiddel i arbeidet med å redusere skadeleg alkoholbruk».

Alisia og Jibben Bar og scene – Skjenkestader i Måløy

«Som de eneste aktørene i Måløy med faste avtaler for offentlig fotballvisning, har vi investert betydelige summer i meget dyre lisensavtaler for å kunne tilby dette lovlig til våre gjester. Vi stiller oss derfor svært positive til kommunens forslag om å utvide maksimal skjenketid for alkoholholdig drikk i gruppe 1 og 2 til kl. 06.00 i perioden 11. juni til 19. juli 2026.

Siden kampene i USA, Canada og Mexico i hovedsak spilles nattestid i Norge, er denne utvidelsen avgjørende for at vi skal kunne forvalte våre rettigheter og tilby publikum en trygg og profesjonell arena for å følge mesterskapet direkte.»

H.O Management AS – privat aktør for ulike kultur arrangement i Florø

«H.O Management AS stiller seg positive til forslaget om utvida skjenketid til kl. 06.00 for alkoholholdig drikk i gruppe 1 og 2 i samband med direktesende VM-kampar.

Behov og effekt for næringa Fotball-VM er eit globalt arrangement som samlar mange, og med kampar på nattestid norsk tid vil utvida skjenketid vere avgjerande for å kunne tilby

eit heilskapleg og attraktivt arrangement. For vår del, med planlagt VM-fest i telt på torget i Florø, vil dette legge til rette for auka aktivitet, betre publikumsoppleving og styrka lokal verdiskaping.»

Saksopplysningar:

Kinn kommune har sendt saka på høyring. Frist for innspel var 05. mai 2026 og administrasjonen har motteke innspel frå fire aktørar. Tre av høyringsinstansane stiller seg positive til den føreslegne endringa, medan éin organisasjon uttrykkjer skepsis til ei utviding av skjenketida. Samla sett viser høyringa brei støtte til endringa, samstundes som dei kritiske merknadene vert tekne med i den vidare politiske vurderinga.

Basert på innkomne innspel og vurderingar peikar det seg ut tre aktuelle handlingsalternativ i denne saka for Kinn kommune.

Desse er:

1. Halde på dagens skjenkereglar, dvs. ingen endring i samband med fotball-VM
2. Behalde vanleg skjenketid til 02.00, men utvide sjølve opningstida til kl. 06.00
3. Tillate skjenking for alkoholgruppe 1 og 2 og opningstid til klokka 06.00

Vurderingar:

Kommunen sin alkoholpolitikk må ta omsyn til folkehelse, tryggleik og førebygging av skadar knytt til alkohol. Samstundes må ein balansere dette mot næringsliv, kultur- og uteliv. I tillegg må politikken vere i tråd med lovverk og sørge for at reglane blir følgde opp og handheva på ein rettferdig og effektiv måte.

Departementet viser til at det er stor grad av kommunalt sjølvstyre i alkoholpolitikken, og at det i dag ligg til kommunane å fastsetje skjenketider innanfor loven si maksimaltid. Det er kommunane som best kjenner dei lokale forholda, og departementet understrekar difor følgjande at kommunane står fritt til å bestemme om dei vil opne opp for skjenking utover tidspunkta som følger av kommunen sitt gjeldande regelverk, om det skal vere utvida skjenketid heile perioden fotball-VM for herrar varer, eller om utvidinga berre skal gjelde bestemte dagar for eksempel dagar Norge spelar kampar.

Fotball-VM for herrar 2026 er ei tidsavgrensa hending der mange kampen går på natta

norsk tid. Det er noko uklart korleis Kinn kommunestyre som lokalpolitisk mynde vil stille seg til ei eventuell mellombels endring av den lokale forskrifta om skjenke- og opningstider. Kinn kommune har i dag ein restriktiv skjenkepolitikk i form av at kommunen gjennom alkoholpolitiske retningslinjer 2024-2028 har vedteke kortare skjenketider enn det lova opnar for. Noko som kan tale for at ein ønskjer å halde på dagens regelverk.

På den andre sida så har den mellombelse endringa av skjenkereglane truleg samla sett liten negativ verknad for Kinn kommune sitt samla og langsiktige rusmiddelpolitiske arbeid, for samfunn og for enkeltindivid. Det er få skjenkestadar i dag som kjem til å oppfylle vilkåra for å få utvida skjenkeløyve og opningstid. Utvida skjenketid kan leggje til rette for at folk kan samlast på utestadar og sjå kampane i trygge og kontrollert omgjevnadar, noko som også kan gje auka inntekter til lokalt næringsliv. Dersom kommunen vel å gjere unntak frå skjenkereglane for fotball-VM bør det gjelde alle kampar gjennom heile perioden, elles risikerer ein å måtte gjere nytt kommunestyrevedtak på sommarstid dersom Noreg skulle gå vidare frå puljespelet, dette vil medføre vesentleg auke i ressursbruk både for politisk styring og administrasjon. Ved å ha like reglar for alle kampane, sikrar ein enkle og føreseieleg reglar både arrangør og publikum.

Eit forslag kan være dersom kommunestyret ikkje vel å endre skjenketidene, er å behalde vanleg skjenketid men utvide opningstida til kl. 06.00. Å ikkje utvide skjenketidene, men heller utvide opningstidene under fotball-VM for herrar 2026, gjer det mogleg for utestadane å halde ope og vise kampane utan å servere alkohol etter kl. 02. Kommunedirektøren vil ikkje tilrå ei slik ordning. Formålet bak lovforslaget er først og fremst å endre skjenkereglane for dei stadane som sender direktesende kampar. Ei utvida opningstid vil medføre auka ressursbruk både for kommunen og for næringa. For kommunen vil dette mellom anna gjelde sakshandsaming og gjennomføring av skjenkekontrollar. For skjenkestadane vil ordninga kunne føre til auka bemanningsbehov og driftskostnader. Dette vil medføre eit lågare inntektsgrunnlag for verksemdene i høve til ressursbruken.

Økonomiske konsekvensar:

Meirarbeid for kommunen i høve sakshandsaming av eventuell endring av forskrift og behandling av søknadar blir dekkja inn i ordinær drift. Skjenkestadar som ynskjer å ha utvida skjenketid i den aktuelle perioden må sende søknad til Kinn kommune. Dette vil krevje ein del sakshandsaming og individuell vurdering.

Dette kan medføre ein meirkostnad på kr 12 000 per kamp for ekstra skjenkekontroll ved kvar stad altså Måløy og Florø.

Behandling i Kommunestyret 19.05.2026:

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Raudt

1. Under føresetnad av at det vert vedteke ei mellombels endring i alkohollova i tråd med Prop. 88 L (2025–2026), vedtek Kinn kommunestyre følgjande mellombelse punkt 6.4 i Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for alkoholhaldig drikk og om opningstider for serveringsstadar:

Skjenketider under fotball-VM 2026

For perioden 11. juni til 19. juli 2026, på de dagane som Norge spiller kamp, vert maksimal skjenketid for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 fastsett til kl. 06.00.

Den utvida skjenketida gjeld berre for skjenkestadar som viser direktesende kampar frå

fotball-VM for herrer 2026 for sine gjestar, og som kan leggja fram dokumentasjon på betalt lisens for offentlig visning av kampene.

Den utvida skjenketida gjeld for skjenking innandørs, inkludert telt. For utandørs servering gjeld ordinære skjenketider etter § 6.5 i retningslinene.

All konsumering av alkoholhaldig drikk skal vere avslutta seinast 30 minutt etter skjenketida sitt sluttidspunkt for dei respektive alkoholgruppene.

2. Eventuell sakshandsaming av søknader om endring av skjenketid eller opningstid for skjenkestadar som skal vise direktesende VM-kampar, vert delegert til kommunedirektøren.

Repr. Teigen (AP) ønskjer sin habilitet vurdert, då han driv eit firma som har skjenkeløyve.

Kommunedirektøren vurderer at dette er ei sak som gjeld ålmenta meir generelt, og at representanten er habil. Kommunestyret erklærer samrøystes representanten for habil.

Røysting:

Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson falt med 5 røyster (4 Raudt, 1 KrF). Innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet samrøystes vedtatt.

KOST- 071/26 Vedtak:

1. Under føresetnad av at det vert vedteke ei mellombels endring i alkohollova i tråd med Prop. 88 L (2025–2026), vedtek Kinn kommunestyre følgjande mellombelse punkt 6.4 i Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for alkoholhaldig drikk og om opningstider for serveringsstadar:

Skjenketider under fotball-VM 2026

For perioden 11. juni til 19. juli 2026 vert maksimal skjenketid for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 fastsett til kl. 06.00.

Den utvida skjenketida gjeld berre for skjenkestadar som viser direktesende kampar frå fotball-VM for herrer 2026 for sine gjestar, og som kan leggja fram dokumentasjon på betalt lisens for offentlig visning av kampene.

Den utvida skjenketida gjeld for skjenking innandørs, inkludert telt. For utandørs servering gjeld ordinære skjenketider etter § 6.5 i retningslinene.

All konsumering av alkoholhaldig drikk skal vere avslutta seinast 30 minutt etter skjenketida sitt sluttidspunkt for dei respektive alkoholgruppene.

2. Eventuell sakshandsaming av søknader om endring av skjenketid eller opningstid for skjenkestadar som skal vise direktesende VM-kampar, vert delegert til kommunedirektøren.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 11.05.2026:

Bodil Gjerde innleier med informasjon om bakgrunnen for saka.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

HSOUV- 023/26 Vedtak:

1. Under føresetnad av at det vert vedteke ei mellombels endring i alkohollova i tråd med Prop. 88 L (2025–2026), vedtek Kinn kommunestyre følgjande mellombelse punkt 6.4 i Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for alkoholhaldig drikk og om opningstider for serveringsstadar:

Skjenketider under fotball-VM 2026

For perioden 11. juni til 19. juli 2026 vert maksimal skjenketid for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 fastsett til kl. 06.00.

Den utvida skjenketida gjeld berre for skjenkestadar som viser direktesende kampar frå fotball-VM for herrar 2026 for sine gjestar, og som kan leggja fram dokumentasjon på betalt lisens for offentlig visning av kampane.

Den utvida skjenketida gjeld for skjenking innandørs, inkludert telt. For utandørs servering gjeld ordinære skjenketider etter § 6.5 i retningslinene.

All konsumering av alkoholhaldig drikk skal vere avslutta seinast 30 minutt etter skjenketida sitt sluttidspunkt for dei respektive alkoholgruppene.

2. Eventuell sakshandsaming av søknader om endring av skjenketid eller opningstid for skjenkestadar som skal vise direktesende VM-kampar, vert delegert til kommunedirektøren.

Vedlegg i saken:


Høyringsuttale - midlertidig endring av skjenketider under fotball-VM 2026

Høringsinnspill - midlertidig endring av skjenketider under fotball-VM 2026

Innspill om utvidede skjenketider under fotball-VM 2026

Forslag om mellombels endring av alkohollova sine føresegner om maksimaltid for skjenking under fotball-VM for herrar 2026

Høringsnotat - forslag om midlertidig endring av alkohollovens bestemmelse om maksimaltid for skjenking under fotball-VM for herrar 2026



Arkiv: PlanId-20200002,
PlanNamn-
Kommuneplanens
arealdel 2023-2033,
PlanType-20
JournalpostID: 26/30283
Sakshandsamar: Rolf Bjarne Sund
Dato: 30.04.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
072/26	Kommunestyret	19.05.2026

Kommuneplanens arealdel - Handsaming av Terøya, NÆ208 - næringsareal med motsegn

KOST- 072/26 Vedtak:

Kommunestyret imøtekjem motsegn for næringsområdet NÆ208, ved at NÆ208 vert tatt ut av ny kommuneplanens arealdel ved denne rulleringa, såleis at arealbruk frå gjeldande kommuneplan vert vidareført.


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret imøtekjem motsegn for næringsområdet NÆ208, ved at NÆ208 vert tatt ut av ny kommuneplanens arealdel ved denne rulleringa, såleis at arealbruk frå gjeldande kommuneplan vert vidareført.

Bakgrunn for saka:

Forslag til ny arealdel til kommuneplanen var utlagt til 2. gongs høyring i perioden 30.10.2025 – 13.01.2026, med forlenging av høyringsfrist til 18.01.2026. I høyringsperioden kom det inn om lag 220 innspel og merknadar, derav motsegn frå 7 offentlege instansar.

Eit av motsegnspunkta var motsegn mot forslag til næringsområde NÆ208 på Terøya. Motsegn mot Terøya er fremma av både Statsforvaltaren og av Vestland fylkeskommune ved fylkesutvalet.



Figur 1: Utsnitt arealformål i høyringsforslaget for kommuneplanens arealdel – oversikt over areal sett av til næring (NÆ) ved Florelandet nord, med NÆ208 øvst til høgre.

Plan- og miljøutvalet hadde alle motsegnspunkt til handsaming i møte den 24.03.2026, og utvalet vedtok å føre næringsareal Terøya til mekling.

Det vart gjennomført meklingsmøte den 17.04.2026. Dei fleste meklingspunkta fann ei løysing i meklingsmøtet, medan meklinga for næringsområdet NÆ208 ikkje førte fram. Kinn kommunestyre kan såleis ikkje eigengodkjenne arealdelen til kommuneplanen med rettsverknad for området NÆ208 Terøy.

Kommunedirektøren har derfor førebudd separat sak til kommunestyret om handsaming av NÆ208 Terøya før endeleg handsaming av arealdelen til kommuneplanen.

Dersom kommunestyret vel å ta ut Terøya som næringsområde i denne saka, vil området bli LNF område i arealplanen og saka er avslutte. Alternativet er dersom kommunestyret vedtek i denne saka at dei vil ha med næringsområdet Terøy, må denne delen av kommuneplanen, etter vedtak i kommunestyret, sendast via Statsforvaltaren til Kommunal- og distriktsdepartementet for endeleg avgjerd. Slik avgjerd vil ta lang tid. Likevel kan resten av planen vedtakast av kommunestyret, men da utan avgjerd for Terøya.

Saksopplysningar og vurderingar:

Generelt om saksgang ved motsegn:

Berørte statlege og regionale faginstansar kan fremme motsegn til forslag til kommuneplanens arealdel. Når slik motsegn ligg føre, skal kommunen vurdere om dei ønskjer å ta omsyn til motsegna eller ikkje. Dersom kommunen ikkje ønskjer å ta omsyn til motsegna, skal det ordinært gjennomførast mekling mellom partane. Det er Statsforvaltar-embetet som leiar mekling mellom partane.

Dersom det ikkje vert oppnådd semje ved mekling, vil kommunen v/kommunestyret ikkje kunne fatte endeleg vedtak av planen, men må sende planen/aktuelt motsegnspunkt til departementet for avgjerd.

Bakgrunn for forslag til NÆ208

NÆ208 er innarbeidd i forslag til ny kommuneplanens arealdel som reserveareal for framtidig næringsutvikling.

Innspelet er konsekvensutgreidd i samband med kommuneplanprosessen

Området er i konsekvensutgreiinga (KU) frårådd ut frå konsekvensar spesielt for naturmangfald, landskap, strandsone og energibruk, men også for fleire andre tema:

Tema	Konsekvens							
	1 Rota	2 Terøy	3 Årebrotts- fjorden	4 Botnafjorden	5 Botnaneset - Botnastranda	6 Grønenga / Vågsåsen	7 Småsundet - Langholm- sundet	8 Grønenga / Søreåsen
Samfunn								
Areal og transport	Liten negativ -1	Middels negativ -2	Ingen 0	Liten negativ -1	Positiv +1	Middels negativ -2	Liten negativ -1	Middels negativ -2
Infrastruktur og offentlege tenester	Liten negativ -1	Middels negativ -2	Liten negativ -1	Middels negativ -2	Ingen 0	Middels negativ -2	Ingen 0	Middels negativ -2
Universell utforming	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0
Barn og unge	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0	Liten negativ -1
Folkehelse	Ingen 0	Liten negativ -1	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0	Liten /middels negativ -1/-2	Middels negativ -2	Stor negativ -3
Miljø								
Friluftsliv og rekreasjon	Liten negativ -1	Middels negativ -2	Liten negativ -1	Middels negativ -2	Ingen 0	Middels negativ -2	Middels negativ -2	Middels negativ -2
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0	Liten negativ -1	Middels negativ -2	Middels negativ -2
Landskap	Middels negativ -2	Stor negativ -3	Liten/middels negativ -1/-2	Middels negativ -2	Liten negativ -1	Liten negativ -1	Stor negativ -3	Stor negativ -3
Naturverdiar og biologisk mangfald	Stor negativ -3	Stor negativ -3	Middels/usikker negativ -2	Middels/usikker negativ -2	Liten negativ -1	Liten/Middels negativ -1/-2	Middels negativ -2	Middels negativ -2
Strandsone	Middels negativ -2	Stor negativ -3	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0	Stor negativ -3	Middels negativ -2	Middels negativ -2
Naturressursar (landbruk og fiske)	Ingen 0	Middels/usikker negativ -2	Liten negativ -1	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0	Stor negativ -3
Energibruk	Ingen 0	Stor negativ -3	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0	Ingen 0
Klimagassutslipp	Middels negativ -2	Middels negativ -2	Ingen 0	Ingen 0	Liten negativ -1	Middels negativ -2	Liten/middels negativ -1/-2	Middels negativ -2
Støy	Liten negativ -1	Liten negativ -1	Ingen 0	Ingen 0	Liten negativ -1	Liten negativ -1	Middels negativ -2	Middels negativ -2

Figur 2: Oppsummering temavis KU for dei 8 delområda som inngår i alternativsvurderinga

I KU ved 1. gongs offentleg høyring, er området frårådd med henvisning mellom anna til store verdiar knytt til naturverdiar/biologisk mangfald. KU konkluderte då med: «Etter ein samla gjennomgang av dei aktuelle utgreiingstema for arealet, er det vurdert at det ønska tiltaket ikkje tilråddast avsett til næringsføremål. Arealet har store verdiar knytt til naturmangfald både med truga og sårbare artar, og regionalt og nasjonalt viktige naturtypar. Området er viktig for friluftsliv/rekreasjon. Ved å bygge ut arealet vil desse verdiane i stor grad gå tapt. Arealet er og kategorisert som eit INON-område, som er i sterkt tilbakegang. Tiltaket vil også gje negative visuelle verknader både for eksisterande fritidsbustader, frå ferdsle på sjøen og omkringliggende busetnad».

I KU alternativsvurderinga for næringsutvikling Florelandet Nord ved 2. gongs offentleg høyring, er området oppsummert slik: «Ut frå konsekvens for samfunn og miljø for vurderte tema, vil alternativ 2 Terøya og alternativ 8 Grønenga/Søreåsen skilje seg klart negativt ut, med vesentleg negative konsekvensar for fleire tema. Det er for desse alternativa heller ikkje funne avbøtande tiltak på dette plannivået som kan redusere konsekvensane vesentleg. Begge alternativa representerer utvikling der ein tek i bruk nye landskapsrom som gir fjernverknad over store områder. Terøya viser også store negative konsekvensar for naturverdiar og biologisk mangfald».

Plan- og miljøutvalet har i sine vedtak ved utlegging til offentleg ettersyn, lagt vekt på eit ønske om god kapasitet på reserveareal for næring, og at utvikling rundt Florelandet Nord har hatt høgt tempo, og at det og ha reserveareal i KPA vil gjere at kommunen ligg i forkant av utviklinga. NÆ208 har såleis vore innarbeidd i høyringsforslaga til ny kommuneplan.

Det er i høyringsforslaget lagt inn føresegnene om industri knytt til det grønne skiftet, samt krav om reguleringsplan med avklaring av påverknad på natur, landskap, landbruk, strandsone, visuell verknad for byen. Dei prosesskrava som er innarbeidd i kommuneplanen sin samfunnsdel vil også vere styrande for ei detaljplanlegging av dette området. Prosesskrava i samfunnsdelen:

- tidleg innbyggarmedverknad
- naturverdivurderingar
- omstilling til lågutsleppssamfunn

- konsekvensar for arbeidsmarknaden (m.a. tilgang på arbeidskraft og kompetanse, direkte og indirekte arbeidsplassar)
- sirkulære verdikjeder
- lokal verdiskaping
- energivurdering

finansieringsevne

Motsegn til og mekling for NÆ208 Terøya

Statsforvaltaren og av Vestland fylkeskommune v/fylkesutvalet har fremma motsegn mot NÆ208 Terøya. Motsegnene frå 1. gongs offentleg høyring retta seg mot manglande alternativsvurdering i konsekvensutgreiinga, medan motsegnene ved 2. gongs høyring var knytt til alternativet for næringsområdet NÆ208 på Terøya.

Fylkesutvalet grunngjev sin motsegn med at dei er kritisk til næringsverksemd NÆ208, Terøy, på bakgrunn av konflikt med kartlagt friluftsområde, landskap kategorisert med stor regional verdi (B), karbonrike areal, strandsone og natur.

Statsforvaltaren grunngjev sin motsegn med at tiltaket inneber vesentlege konsekvensar for naturverdiar, nedbygging av myrareal, går inn i INON-område, manglar vegtilkomst, samt stor konflikt for fleire tema. Motsegna er forankra i T2-/16 pkt. 2 c) – tiltakets samfunnsmessige nytte, pkt. 3.6 – (klimagassreduksjonar, karbonopptak og karbonlagring), pkt. 3.8 – naturmangfald, pkt. 3.13 – statleg planretningslinje (spr.) for strandsone langs sjø og vassdrag, spr. for klima og energi og spr. for arealbruk og mobilitet.

Plan- og miljøutvalet hadde motsegna til handsaming i møte den 24.03.2026, og utvalet vedtok å føre næringsareal Terøya til mekling.

Det vart gjennomført meklingsmøte den 17.04.2026. Mekling for næringsområdet NÆ208 førte ikkje fram.

Kinn kommunestyre kan såleis ikkje eigengodkjenne arealdelen til kommuneplanen med rettsverknad for området NÆ208 Terøy. Dersom kommunestyret konkluderer med at dei vil ha med næringsområdet Terøy, må kommuneplanen, etter vedtak i kommunestyret, sendast via Statsforvaltaren til Kommunal- og distriktsdepartementet for endeleg avgjerd.

For avklaring i den vidare planprosessen og arbeidet med å klargjere ny kommuneplanens arealdel til slutthandsaming og endeleg vedtak etter sommaren 2026, ser kommunedirektøren det som naudsynt med avklaring av kommunestyret sitt standpunkt for NÆ208 Terøya. Kommunedirektøren har derfor førebudd separat sak til kommunestyret om handsaming av NÆ208 Terøya før endeleg handsaming av arealdelen til kommuneplanen.

Naturpolitisk dokument

Vestlandsforskning har utarbeidd Naturpolitisk dokument etter bestilling frå Kinn kommunestyret i desember 2025, sak 125/25. Det naturpolitiske dokumentet gir ei samla og kunnskapsbasert framstilling av utfordringar, status og moglegheiter for naturforvaltninga i Kinn. Rapporten peiker ikkje på konkrete areal, men viser til det dilemmaet kommunen står i, mellom å ta vare på natur og leggje til rette for næringsutvikling som bidreg til grøn omstilling, der eit hovudpoeng er at arealbruk er den viktigaste årsaka til naturtap

I forhold til landbasert naturmangfald i Kinn, peiker rapporten på (sitat frå kap. 4.2): «Mangfald av planter, dyr, insekt og mikroorganismar varierer mykje mellom naturtypar. På landsbasis er påverknad av leveområde (nedbygging, eller anna endring av arealet) den klårt viktigaste grunn til tap av naturmangfald på landarealet, ...»

Vidare er det i rapporten vist til arealrekneskap og naturrekneskap som sentrale verktøy i utviklinga av ein meir kunnskapsbasert og ansvarleg naturpolitikk i kommunane.

Rapporten peiker på fleire utfordringar, der eitt av dei samanheng mellom vedtekne mål og arealstrategiar (og unntaksreglar) og oppfølging av desse.

Næringspolitisk dokument

Det næringspolitiske dokumentet for Kinn kommune skildrar korleis kommunen skal styrkje rolla si som ein viktig nærings- og utviklingsaktør på kysten. Eit hovudpoeng er at Kinn har eit variert og sterkt næringsliv, med særleg tyngde innan marine næringar, industri og energiproduksjon. Samstundes peikar dokumentet på behovet for omstilling og vidare utvikling for å møte framtidige utfordringar og moglegheiter.

Dokumentet byggjer på analysar av styrkar, svakheiter, moglegheiter og truslar, og viser at kommunen har høg aktivitet og endringstakt i arbeidsmarknaden. Mellom anna er ein betydeleg del av arbeidsplassane skapte dei siste åra, noko som understrekar dynamikken i næringslivet.

Eit sentralt satsingsområde er å styrkje samhandlinga mellom næringsliv, offentleg sektor og kompetanse miljø. Dette skal bidra til innovasjon, kunnskapsdeling og utvikling av nye næringar. Dokumentet legg også vekt på «smart spesialisering» og betre utnytting av eksisterande ressursar og kompetanse i regionen. [\[kinn.kommune.no\]](https://kinn.kommune.no) Vidare blir samferdsel og infrastruktur framheva som avgjerande for utviklinga. Betre transportløyningar, som utbygging av Kystvegen, gode båtruter og flytilbod, vil vere viktige for å knyte regionen betre saman og auke attraktiviteten for både næringsliv og innbyggjarar.

<https://kinn.kommune.no/samfunnsplanen/dokumentasjon/faktagrunnlag/naringspolitisk-dokument-for-kinn-kommune/>

Til slutt legg dokumentet stor vekt på berekraft og klimaomstilling. Næringslivet i Kinn skal utviklast i ei grønnare retning, med fokus på reduksjon av utslepp og meir effektiv ressursbruk. Samla sett peikar dokumentet på behovet for tydeleg retning, samarbeid og langsiktig satsing for å sikre vidare vekst og verdiskaping i kommunen.

Arealrekneskap og planreserve

I samband med arbeid for ny kommuneplanens arealdel, har kommunen utarbeidd eit arealrekneskap. Arealrekneskapen viser at det i 2. gongs høyringsforslag til ny kommuneplanens arealdel, er sett av totalt 5.191 daa til næringsformål (NÆ), fordelt på 1.038 daa i Vågsøydelen og 4.154 daa i Florødelen. Vidare viser arealrekneskapet at samla areal til nye/framtidige nærings-felt (NÆ), utgjer 1.653 daa, fordelt på 77 daa i Vågsøydelen og 1.576 daa i Florødelen.

I forslag til ny kommuneplan, er det samla for både eksisterande og framtidig/nytt næringsareal, sett av 5.191 daa. I området rundt Florelandet Nord er det foreslått totalt 3.945 daa til næringsaktivitet, der 2.379 daa er vidareføring av regulert areal i område-reguleringsplanen for Florelandet Nord og detaljreguleringsplanen for Naustholmen, og 1.566 daa er nytt/framtidig næringsareal; mot vest (NÆ211, Rota nord), mot sør/sørvest (NÆ223, Småsundet-Langholmsundet) og mot nord (NÆ208, Terøya). Det er også ledige areal innanfor eksisterande næringsområde, som til dømes NÆ220 Grønenga, som utgjer ca. 350 daa og ikkje er realisert pr. no.

NÆ208 Terøya utgjer om lag 1.200 daa, og representerer meir enn 70% av planreserven for næringsaktivitet som var foreslått ved 2. gongs høyring av kommuneplanen. I tillegg til negative verknader for naturverdiar, landskap, friluftsliv, landbruk m.m og behov for vesentleg ny infrastruktur, vil ei utbygging av dette feltet representere eit vesentleg CO₂-utslepp i klimarekneskapet, rekna til omtrent 42.150 tonn CO₂-ekvivalentar. Realisering av området vil i tillegg innebere omfattande infrastrukturtiltak.

Basert på dagens kjennskap til planar for næringsutvikling av områda rundt Florelandet Nord, er kommunedirektøren av den oppfatning at foreslått næringsareal i dette område vil kunne ivareta arealbehov for komande planperiode - utan å ta i bruk NÆ208.

SAMLA VURDERING

Når ein ser på næringspolitisk dokument og naturpolitisk dokument så vise dei både behov for å ta i vare verdifull natur, samstundes som dei også vise at det er naudsynt å leggje til rette for omstilling innanfor næringslivet. Det store, relativt vanskeleg tilgjengelege arealet som ligg på Terøya kan på den eine sida vere eit verdifullt reserveareal for næringsutvikling. På den andre sida legg det ikkje føre konkrete planar for ei næringsutvikling på området som vil føre til naudsynt utvikling og omstilling av næringsliv i kommunen, som kan forsvare dei negative konsekvensane det vil vere å opne for næringsareal her.

Kommunedirektøren rår til at NÆ208 vert tatt ut av forslag til ny kommuneplan ved denne rulleringa

Basert på ovannemnde vil forslag til næringsområde NÆ208 ha med seg konfliktar både i forhold til arealbruk, naturmangfald, klimagassutslepp og andre miljø-/samfunnsinteresser. Basert på dagens kjennskap til planar for næringsutvikling av områda rundt Florelandet Nord, vil eit evt. behov for å ta i bruk området ligge langt fram i tid. Det vil såleis vere mogeleg å sjå på dette området på nytt ved neste rullering av kommuneplanens arealdel.

Dersom kommunestyret konkluderer med at dei vil ha med næringsområdet NÆ208 Terøy, vil kommunestyret ikkje kunne fatte endeleg vedtak for denne delen av planen, jfr. plb §§ 5-6 og 11-16. Etter vedtak eventuelt vedtak i kommunestyret om å ta med dette næringsarealet i areaplanen, må den delen av planen som det er knytt motsegn til, sendast via Statsforvaltaren til departementet for endeleg avgjerd. Resten av planen kan vedtakast.

Økonomiske konsekvensar:

Vedtak i denne saka vil ikkje ha direkte økonomisk konsekvens for kommunen.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter, rundskriv og planretningslinjer

Behandling i Kommunestyret 19.05.2026:

Framlegg frå FrP og Høgre, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn
Fremskrittsparti
Kommunestyret ber om at NÆ208 vert vidareført som næringsareal.

Røysting:

Framlegg frå FrP v/repr. Djuvik falt med 15 røyster (6 Høgre, 1 UAH, 9 FrP v/Brunsvik, Djuvik, Berg, Refvik, Kvalheim, Bratholmen, Holvik, Mobakken og Holme).
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KOST- 072/26 Vedtak:

Kommunestyret imøtekjem motsegn for næringsområdet NÆ208, ved at NÆ208 vert tatt ut av ny kommuneplanens arealdel ved denne rulleringa, såleis at arealbruk frå gjeldande kommuneplan vert vidareført.

Vedlegg i saken:

Vedleggsoversikt

Vedlegg 1 - Protokoll mekling 17.04.2026

Vedlegg 2 - Presentasjon av vedteke meklingspunkt frå Plan- og miljøutvalet

Vedlegg 3 - Presentasjon meklingspunkt frå Statsforvaltaren

Vedlegg 4 - Statsforvaltaren 09.02.2026 - samordna uttale med motsegn

Vedlegg 5 - Presentasjon meklingspunkt frå fylkeskommunen


Vedlegg 6 - Sak Fylkesutvalet 14.01.2026 - uttale til arealdelen

Vedlegg 7 - Sak Plan- og miljø 24.03.2026 - oppfølging av motsegnspunkt

Vedlegg 8 - Naturpolitisk dokument

Vedlegg 9 - Næringspolitisk dokument

Vedlegg 10 - Alternativsvurdering næring i og ved Florelandet Nord Asplan Viak



Kinn kommune

Arkiv: PlanId-20220102 -
Måsholmen -
Håskjera, gbnr. 28/3,
næring og hamn,
PlanNamn-
Måsholmen - Håskjær,
gbnr. 28/3, næring og
hamn, PlanType-35,
FA-L12, GBN-28/3

JournalpostID: 26/31928

Sakshandsamar: Rolf Bjarne Sund

Dato: 11.05.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
073/26	Kommunestyret	19.05.2026

Gjentatt slutthandsaming av detaljregulering for Måsholmen - Håskjæra, gbnr. 28/3, næring og hamn. PlanID 20220102

KOST- 073/26 Vedtak:

1. I medhald av pbl §12-12, vedtek Kinn kommunestyre framlegg til Detaljregulering for Måsholmen - Håskjær, gbnr. 28/3, næring og hamn. PlanID 20220102, med Planomtale, Konsekvensutgreiingar og ROS-analyse datert 05.02.2024 og føresegner sist datert 29.04.2024, når plankart er justert i samsvar med skisse datert 29.04.2024.
2. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak, sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde:

Bruløysing/seilingshøgde Nytt pkt.e) Det skal tilretteleggast for at mindre fritidsbåtar framleis skal kunne gå gjennom Trolleskjærsundet. Bruløysing skal difor ha tilstrekkeleg seglingshøgde til dette formålet, og ivareta sikkerheita både for trafikk og dei sjøfarande.

Saksutgreiing med alle tilhøyrande vedlegg frå KOST 063/24 er vidareført i denne saka, og er såleis formelt underlagsdokumentasjon til dette vedtaket.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. I medhald av pbl §12-12, vedtek Kinn kommunestyre framlegg til Detaljregulering for Måsholmen - Håskjær, gbnr. 28/3, næring og hamn. PlanID 20220102, med Planomtale, Konsekvensutgreiingar og ROS-analyse

datert 05.02.2024 og føresegner sist datert 29.04.2024, når plankart er justert i samsvar med skisse datert 29.04.2024.

2. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak, sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde:

Bruløysing/seilingshøgde Nytt pkt.e) Det skal tilretteleggast for at mindre fritidsbåtar framleis skal kunne gå gjennom Trolleskjærsundet. Bruløysing skal difor ha tilstrekkeleg seglingshøgde til dette formålet, og ivareta sikkerheita både for trafikk og dei sjøfarande.

Saksutgreiing med alle tilhøyrande vedlegg frå KOST 063/24 er vidareført i denne saka, og er såleis formelt underlagsdokumentasjon til dette vedtaket.

Bakgrunn for saka:

Statsforvaltaren i Vestland har i brev av 21.04.26, etter lovlegkontroll, oppheva kommunestyret sitt vedtak i sak 17/26 – Reguleringsplan for Måsholmen og Håskjæra. Vedtaket er dermed ugyldig.

Saka blir difor lagt fram for ny handsaming i kommunestyret.

Saksframstillinga byggjer på same grunnlagsmateriale som saka som vart behandla 29.01.26. Det tidlegare vedtaket i sak 17/26 er ikkje gjeldande og inngår berre som bakgrunn for saka, referert i brevet frå Statsforvaltaren. Vedlegga er dei same som i førre behandling, men er rydda i rekkefølge og namngjeving for betre oversikt.

Denne saka byggjer på sak 063/24, handsama i kommunestyet den 23.05.24. Dette inneber at saksopplysingar, vedlegg og vurderingar ikkje blir gjenteke i denne saka. Saka som no blir lagt fram svarer på det vedtaket som kommunestyret gjorde i sak 063/24.

I sak 063/24 vedtok kommunestyret følgjande:

1. Detaljreguleringsplanen for Måsholmen – Håskjæra, PlanID 20220102, vert utsett for endeleg avgjersle i kommunestyret, til detaljreguleringsplan for Gunhildvågen har fått sitt endelege vedtak. Tiltak på planområdet for Gunhildvågen, PlanId-20220108, er ein føresetnad for arbeid knytt til utviding av området ut i sjø. Endringar som skjer ved ny vegløyising på det eksisterande industriområdet i Gunhildvågen kan gje nye moglegheiter for bedriftene som treng meir areal. Det er viktig å sjå planane i samanheng med dei behov som tiltak er meint å løyse. Ei eventuell utbygging av Måsholmen-Håskjæra kan kun skje etter at infrastruktur på det eksisterande området er lagt til rette.

2. Det er eit uttrykt ynskje at bedriftene i Gunhildvågen skal få rom til å utvikle seg. Kommunestyret ber difor om utgreiing som skal vise korleis ein kan sikre meir industriarealareal i Gunhildvågen. Saka vert ikkje avgrensa til det aktuelle planområdet, PlanId-20220108, men skal også peike på omkringliggande moglegheiter på land, og områder som kan opparbeidast i sjø ved eksisterande fylling. Det vil vere naturleg å vurdere å plassere massar frå utdjuping av innseglinga i dette arbeidet. Arbeidet må også innehalde ei vurdering av om kommunal kai kan utvidast/forlengast.

Kommunestyret sitt vedtak i sak 063/24 er ei utsetting av realitetshandsaming av slutthandsaming av detaljregulering for Måsholmen – Håskjæra, gbnr 28/3, næring og hamn. PlanID 20220102. Dette betyr at kommunestyret må gjere vedtak i saka. Kommunestyret har fire hovudalternativ i den saka som no er lagt fram på nytt:

1. Godkjenne opphåveleg reguleringsplan, frå sak 063/24, den 23.05.24.

2. Be om at planen blir sendt tilbake til Plan og miljøutvalet for ny handsaming. Dette basert på at kommunestyret er positiv til å vurdere ein redusert plan, slik det kjem fram av brev frå Måsholmen utvikling A/S, av 3 nov. 25.
3. Ikkje godkjenne reguleringsplan, frå sak 063/24.
4. Som alternativ 3. Samtidig gjere vedtak om at Kommunedirektøren kjem tilbake med ei sak, om korleis kommunen kan gå vidare med utviding av næringsareal og ny kai på Trolleskjæret, basert på rapport frå Asplan Viak.

Saksopplysningar:

Rapport frå Asplan Viak.

Kommunedirektøren leigde inn Asplan Viak for å gjere ei vurdering/oppfølging av punkt 2 i kommunestyret sitt vedtak.


Samandrag frå Asplan Viak sin rapport om alternativareal i Gunhildvågen.

Sitat frå rapport.

Kommunestyret i Kinn handsama 23.mai 2024 detaljreguleringsplan for containerhamn og næringsområde på Måsholmen og vestover til Håskjera, og valde då å utsetje saka, for å finne ut om det finst andre løysingar.

Denne rapporten er ei bestilling frå kommunestyret, og inneheld ei analyse og eit grunnlag for å vurdere om det finst andre reelle alternativ til næring- og hamneareal enn det som ligg i Måsholmen-planen.

Fleire alternativ er vurdert, og det er valt å gjere meir omfattande studiar av ei kailokalisering langsetter Trolleskjersundet, med tilhøyrande arealutviding nordaust for dagens lokalisering av industri i Gunhildvågen. Denne lokaliteten har enkeltefordelar samanlikna med planforslaget på Måsholmen, mellom anna er det venta mindre konfliktpotensial med miljøtema. Dei maritime derimot klart best ved Måsholmen/Håskjera.



Innseglingsforholda er den mest avgjerande faktoren mtp. om kommunen kangå vidare med hamne planinne i Gunhildvågen, eller berre konkludere med at Måsholmen er det einaste realistiske alternativet. Rapporten peikar på at nedetida for hamna blir forholdsvis lang på grunn av vindtilhøva, og at kompenserande tiltak vil

vere naudsynt.

Næringslivet i byen er utfordra på om den skisserte nedetida for hamna er akseptabel, sidan det sjeldan er tidskritisk last i dagens containerlast. Både vareeigarar og rederi opplevast som fleksible i forhold til å jobbe med løysingar, så lenge det ikkje går på bekostning av behovet for kosteffektivitet.

Det har også vore ein dialog om det er mogleg å etablere ei rimeleg løysing for reservekai (f.eks ved Botnastranda) ved dårlegevêrforhold, men aktørane i Gunhildvågen ser ikkje dette som ei aktuell løysing. Ein reservekaimeddelt operasjon er veldig kostnadsdrivande, og aktørane peikar på at kostnadsnivået med å nytte Botnastranda kai G er for høgt. Det er til slutt næringslivet i Florø som vil måtte betale for høge driftskostnader, ved at det blir høge kostnader på containerfrakt.

På spørsmålet om det finst andre reelle alternativ til Måsholmen-planen, så er Asplan Viak vurdering «Ja –men alternativet er ikkje optimalt»:

Logistikkmessig er Måsholmenabsoluttførsteval, men det er mogleg –og med mindre potensial formiljøkonfliktar– å etablere ei hamn ved Trolleskjersundet. Ei slik hamn har imidlertid vesentlege ulemper når det gjeld nedetid, forutsigbarhet og driftskostnader over tid.

I rapporten er det vidare gjort greie for kva planprosess som er naudsynt om ein konkluderer med å gå vidare med å regulere det nye hamne-alternativet.

Arbeidet er gjennomført med utgangspunkt i kjende datakjelder, grunnlagsrapportar frå arbeidet med Måsholmen-planen, samt intervju med sentrale industri- og logistikkaktørar i Florø. Det er også gjennomført synfaring i området, og det er gjennomført test med los i navigasjonssimulator.

Nærliggende næringsareal og tilkomst til Måsholmen

Kommunedirektøren har sida vedtaket i kommunestyret hatt tett og jamleg dialog med næringsaktørane i området. Denne dialogen har hatt fleire føremål og tema. Det er brukt mykje tid på å få på plass avtalar for å gjere det mogleg å byggje veg gjennom dagens næringsareal i Gunhildvågen. Dette er viktig både for å utnytte gjeldande areal betre enn i dag, samtidig er det eit krav at det blir vedteke ein plan for, - og bygd veg til Måsholmen, dersom den skal byggjast ut. Det er varsla ein søknad om ei mindre endring av vedteken reguleringsplan for Gunhildvågen. Denne endringa handle om å flytte veg gjennom området, litt lenger nord. Dette for å området skal bli meir funksjonelt. Den endringa det no er søkt om, er ikkje avgjerande for realitetshandsaming av Måsholmenplanen. Grunnen til dette er at veg til Måsholmen, uansett er løyst gjennom den reguleringsplanen for Gunhildvågen som kommunestyret har vedteke.

Moglegheiter for vidare næringsutvikling i Gunhildvågen.

Dialogen med næringsaktørane handle også om grunnlaget for, og behovet for å leggje til rette for næringsaktørane i området. Det er heilt klart at dagens næringsareal er for lite for å gje naudsynt rom for utvikling av dei verksemdene som held til i området.

I samband med vurderinga av reguleringsplanen for Måsholmen, og framtidig næringsutvikling i Gunhildvågen gjorde Menon Economics ei analyse av potensiale for næringsutvikling i området. Analysa er lagt ved saka. Menom peike mellom anna på tre forhold: (ref analysa s. 9, 10 og 11)

Logistikkforholda for bedriftene som er i Gunhildvågen vil få ein meir effektiv logistikk ved etablering av kai og logistikkområde på Måsholmen.

Økt næringsaktivitet/ekspansjon. Dagens næringsareal gjer ikkje rom for utviding av aktiviteten i særleg grad. Måsholmen vil gje bedriftene moglegheit for utvikling som


følgjer av den potensielle veksten innanfor næringane.

Miljø og bærekraft. Analysa vise døme på moglegheit for bruk av biprodukt (sirkulærøkonomi). I praksis vil kan dette føre til at Cargill kan nytte biprodukt i sin frå Global Fish. Slik aktivitet krev meir areal.

Asplan Viak sin rapport tek føre seg behovet for kai og næringsareal frå side 8 og utover. Mellom anna er det vist i rapporten at containerverksamda vil auke vesentleg. Frå mellom 6000 – 9000 handteringar i dag, til opp mot 15000 handteringar i løpet av kort tid. Dette skuldast mellom anna etablering av ei ny produksjonslinje på Cargill.

Realisering av næringsareal på Måsholmen

Det er Måsholmen utvikling A/S som er søkjar om reguleringsplanen. I forkant av at saka no blir teke opp i kommunestyret på nytt, har administrasjonen vore i dialog med søkjar. Det har mellom anna vore presentert, og diskutert ei redusert utbygging av planområdet. Måsholmen Utvikling A/S har i brev av 3 nov. 25. stadfesta at dei ikkje trekke ophaveleg søknad om reguleringsplan. I same brevet har dei vist ei mogleg redusert utbygging av kai og næringsareal på Måsholmen. Skissa nedanfor vise ei mogleg redusert utbygging. Vedlagt brev frå Måsholmen Utvikling A/S omtale dette meir detaljert.



Administrasjonen har også utfordra Måsholmen utvikling A/S om å utarbeide eit overordna konsept for gjennomføring og drift av næringsområde og kai. Dette dokumentet er lagt ved saka, og har tittelen «Forretningsplan med økonomibeskrivelse».

Det er viktig å merke seg at i forretningsplanen frå Måsholmen utvikling a/s, så er det som er omtalt som «full utbygging – fase 2» knytt til figuren overfor, og ikkje den opphavlege reguleringsplanen, som har eit enda større areal (om lag 26 mål).

Elles visast det til vedlagt forretningsplan for opplysningar om kostandar og finansiering av investeringa. Den inneheld også førebelse estimat på driftsøkonomi.

Vurderingar:

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Samfunnsdelen er vedteke etter at reguleringsplanen sist var til handsaming. Difor er det no naturleg å gjere ei vurdering av planen opp mot samfunnsdelen.

Ein slik reguleringsplan som dette inneberer målkonflikt. På den eine sida har vi mål om å ta i vare natur og vere «arealnøytrale». På den andre sida skal vi legge til rette for næringsutvikling som sikrar lokal verdiskaping, omstilling innan for næringslivet og sirkulære verdikjeder. I våre arealstrategiar heite det mellom anna:
Av omsyn til klima og naturmangfald er målet arealnøytralitet. Vi skal føre eit arealrekneskap, gjenbruke bygg og næringsareal og tilbakeføre ubrukt areal til natur.
Prinsippet om arealnøytralitet kan avvikast for næringsområde der det kan dokumenterast at slik arealbruk sikrar verdiskaping, arbeidsplassar og omstillingsdyktigheit. Vi tek ansvar for naturen gjennom arealnøytralitet så langt som mogleg, og tek m.a vare på matjorda vår.

I denne saka vil det vere unntaket for næringsområde som gjer at samfunnsdelen kan nyttast som argument for å vedta planen.

I samfunnsdelen er det også vedteke prosesskrav. Nedanfor er dei lista opp, med ei konkret vurdering knytt til denne planen.
tidleg innbyggarmedverknad

Det har ikkje vore gjennomført slik medverknad, utover lovkrav i denne planen. Likevel er kravet på ein måte oppfylt med det store engasjementet som har vore, og kommunestyret si utsetting av handsaminga av planen. Det har medført stor merksam kring planen, der dei dei negative sidene har kome godt fram.

Naturverdivurderingar

Dette er gjennomført som ein lovpålagd del av planprosessen. Det arbeidet som er gjort er akseptert av mellom anna statsforvalter.

omstilling til lågutsleppssamfunn

Både før og etter kommunestyret si første handsaming av planen har dette vore tema. Mellom anna via dei vurderingane som er gjort for transport gjennom Florø by. Vidare er dette dokumentert ha positiv verknad mellom anna i Menon si analyse. Meir konsentrerte og effektive logistikkopprasjonar vil også bidra til dette.

konsekvensar for arbeidsmarknaden (m.a. tilgang på arbeidskraft og kompetanse, direkte og indirekte arbeidsplassar)

Det er opplagt at ei moglegheit for utviding av næringsareal i området vil ha positiv verknad for utvikling av arbeidsmarknaden i kommunen. Dei verksemdene som ligg i området rekrutterer arbeidskraft frå kommunen som har riktig kompetanse. Denne kompetansen speile kompetansesituasjonen i Florø. Vidare er det mange bedrifter i regionen som leverer tenester til verksemdene i området.

sirkulære verdikjeder

Planen vil heilt opplagt vere med å leggje til rette for sirkulære verdikjeder. Mellom anna dømet det er vist til i saksutgreiinga om at det kan vere mogleg å nytte restråstoff frå pelagisk fisk, inn i produksjon av fiskefor.

lokal verdiskaping

Det er lokale investorar som stå bak Måsholmen utvikling A/S. Riktig nok er det internasjonale eigarar av den største verksemda. Slik sitsen er no, vil det vere lokale eigarar som investerer og tilbyr service til ein stor global aktør, i tillegg til mellomstore aktører på nasjonalt nivå.

Energivurdering

Noko av verksemdene krev ein del energi. Pr. no er det tilstrekkeleg med energi i området. Likevel er det riktig å peike på at dette må betrast, med ein utviding av verksemdene i området. Dette er mogleg å løyse pga, ny framføring til Florø frå Magnhildskaret. Det ligg konkrete planar for vidareføring av kraft herfrå til Gunhildvågen.

finansieringsevne

Skissa til forretningsplan som er lagt ved saksutgreiinga (som er krevd utarbeid, med bakgrunn i desse prosesskrava) vise at det er realisme i å finansiere prosjektet. Vidare vise forretningsplanen at det er grunnlag for ei drift som kan gje prosjektet ein berekraftig driftsøkonomi.

Vurdering av moglegheitsstudiet

Det er gjennomført eit moglegheitsstudie som svare på kommunestyret bestilling jf. punkt 2, i kommunestyret sitt vedtak i sak 063/24. Studien vise at det er mogleg å utvide næringsareal i Gunhildvågen, utan å ta i bruk Måsholmen. Asplan Via kopssummerer dette slik:

På spørsmålet om det finst andre reelle alternativ til Måsholmen-planen, så er Asplan Viak vurdering«Ja –men alternativet er ikkje optimalt»:

Det største ankepunktet Asplan Viak peike på er regulariteten på ein ny kai på Trolleskjæret. Denne vil vere redusert, særleg på vinterhalvåret.

Asplan Viak har peika på at det er mogleg å utvikle areal nord for dagens næringsareal i Gunhildvågen. Asplan Viak har ikkje lagt vesentleg vekt på om grunneigar i det aktuelle området er klar for ei slik utvikling. Gjennom ein omfattande prosess det siste året, er det heilt klart at ei slik utvikling ikkje er avklart med grunneigar. Dette er ein tilleggsdimensjon som må vurderast når alternativ for utvikling av næringsareal skal vurderast.

Alternativ for kommunestyret si handsaming

Kommunestyret si handsaming av reguleringsplan for Måsholmen – Håskjæra , i sak 063/24, den 23.05.24 førte til ei utsetting av saka. Dette inneberer at kommunestyret har fire val når planen skal handsamast på nytt. Kommunestyret godkjenne planen slik den ligg føre i sak 063/24.

Dette betyr at reguleringsplanen slik den vart opphavleg fremja, blir godkjent, og kan nyttast som utgangspunkt for utbygging av Måsholmen – Håskjæra. Det vil ikkje vere naudsynt med nye utgreiingar eller høyringar. Vedtaket vil vere gyldig frå og med vedtaksdato.

Kommunestyret vedtek å sende planen tilbake til Plan og miljøutvalet for ny handsaming. Dette basert på at kommunestyret er positiv til å vurdere ein redusert plan, slik det kjem fram av brev frå Måsholmen utvikling A/S, av 3 nov. 2025. Det vil vere naudsynt med mindre oppdateringar av plankart, konsekvensutgreiingar og massehandsamingsplan. Planområdet vil ikkje bli endra. Det vil evt. bli justert, slik at delar av området som i opphavelig plan er regulert til kai og næringsareal blir gjort om til område for utdjupeing. Noko som vil ha tilnærma null endra konsekvens for naturverdiar, men det vil gje redusert/endra verknad for landskapet. Ein redusert plan vil medføre ein vesentleg endring av massehandteringsplan. Der massebehovet for realisering blir redusert.

Kommunestyret kan sjølv sagt også legge andre føringar for planarbeidet, dersom den blir sendt tilbake til Plan og miljøutvalet.

Det er usikkert om ein slik endra/reduisert plan må ut på ny høyring, før den på nytt leggjast fram for kommunestyret til slutthandsaming. Denne vurderinga vil vere ein del av sakshandsaminga i Plan og miljøutvalet.

Kommunestyret godkjenne ikkje planen, frå sak 063/24

Dette betyr at planen blir avvist, og saka er avslutta. Kommunedelplan for Florelandet – Brandsøy, som er sett av området til næring/kai, blir ikkje endra. Det vil vere mogleg å fremje ny reguleringsplan, i samsvar med overordna plan.

Ikkje godkjenne plan, frå sak 063/24, og samtidig be om at det blir starta opp planarbeid for å realisere innhaldet i Asplan Viak sin studie. Arealbruk i moglegheitsstudiet er stort sett ikkje i samsvar med gjeldande kommunedelplan. Dette betyr at kommunedelplan for Florelandet – Brandsøy må oppdaterast, i samsvar med ynskja arealutvikling. Det må også lagast reguleringsplan for det same området. Dette er eit arbeid som vil ta fleire år, og som vil medføre nye kostnadar til planlegging. Dette betyr også planlegging inn på området til grunneigar som ikkje slik bruk av arealet.

Oppsummering av kommunedirektøren sine vurderingar

Kommunedirektøren er heilt klar på at det er naudsynt å leggje til rette for utvikling av næringsområda i Gunhildvågen. Dei verksemdene som er lokalisert her, er avgjerande viktig for lokal verdiskaping. Næringsanalysane for Kinn vise at det er to store område som syter for den lokale verdiskapinga. Det er oljeverksemd på basen i Florø og maritim/marin verksemd med fiske/fiskeforedling, akvakultur med service for akvakultur og skipsverft. Handel service, byggebransje mm er heilt avhengig av desse næringane for å ha tilstrekkeleg med aktivitet og verdiskaping. I denne samanhengen er utviklinga i Gunhildvågen/Måsholmen heilt avgjerande.

Kommunedirektøren tilrådde detaljreguleringsplanen for Måsholmen – Håskjæra sist den var til handsaming. Dette i fyrste rekke basert på vurderingar gjort i kommunedelplan for Florelandet – Brandsøy. Her er dei aktuelle området sett av til næring /kai. Bakgrunnen er knytt til behovet for behov for å utvikle næringsarealet i området. I tillegg er det viktig å få på plass ei kailøysing, som har tilstrekkeleg kapasitet og som sikrar god logistikk for aktuelle næringsaktørar. Ei slik kai må ha tilstrekkeleg god regularitet. Analysane som ligg ved sak 063/24 vise at kailøysingar Måsholmen – Håskjæra vil stette desse krava.

Dei allere fleste containarane som handterast, og som vil bli handtert i framtida i Florø, blir generert i Gunhildvågområdet. Basert på dei analysane som er utført den siste tida, er det god grunn til å leggje til grunn at containartrafikken vil auke utover det som låg til grunn når sak 063/var til handsaming. Altså ei forsterking av argumenta for å få på plass ei containarhavn i Gunhildvågen, som har god regularitet.

Måsholmen utvikling A/S er søkjar på reguleringsplan for Måsholmen – Håskjæra. Dei er tydelege i sitt brev av 3. nov 2025 at dei ynskje at den opphavlege planen blir vedteke. Vidare seier dei at dei kan vurdere ein redusert utbygging. Dette vil dei helst gjere innanfor den opphavlege planen. Då dette vil gje dei naudsynt handlingsrom. Det vil også vere mogleg å redusere omfanget på planen, slik Måsholmen utvikling a/S har vist i sitt brev. Hovudargument for å endre planen, slik at den reduserer potensialet for utbygging, vil vere todelt:

Det vil redusere dei negativt verknadane noko.

Realismen for gjennomføring av planen blir meir føreseieleg, gjennom at behovet for å tilføre stein blir vesentleg redusert, og kjem ned på eit nivå som det er realistisk å

skaffe innanfor eit relativt kort tidsrom. Utbyggingskostnadane vil også bli vesentleg redusert.

Den vedlagte forretningsplanen vise storleik på,- og finansiering av investering. Vidare vise den ei skisse til driftsopplegg. Dette er ei førebels skisse som er utarbeid for å vise om det er realistisk å gjennomføre eit prosjekt, basert på reguleringsplanen. Kommunedirektøren meine denne skissa, sjølv om den er grov og førebels, vise det kan vere realistisk å få planen realisert. Det er viktig å merke seg at det er ein redusert utgåve av planen som er vurdert i forretningsplanen. Denne reduserte versjonen gjer «dobbel verknad». I og med at det blir mindre areal å fylle, samt at ein kan nytte stein frå den delen av reguleringsplanen som ikkje blir kai/næringsareal til fylling av resten av arealet. Ein gjennomføringsplan var noko som var etterspurt ved førre handsaming av planen.

Kommunedirektøren står fast i si tilråding om at reguleringsplanen frå sak 063/24 bør vedtakast. Likevel er det grunn til å peike på argumentet om at ein redusert plan, som vil mindre behov for stein, og som er billigare å realisere, langt på veg vil gje dei same positive verknadane for næringsutvikling i området. Ein redusert plan vil også redusere landskapsverknadane av planen, noko.

Kommunedirektøren meiner at alternativ med å ikkje vedta ein reguleringsplan for Måsholmen – Håskjæra vil vere svært negativt for viktig næringsutviklinga i Florø og Kinn. Det er vist at det kan vere mogleg å utarbeide ein plan som legg til rette for ny kai på Trolleskjæret, med tilhørande næringsareal. Dette vil i tilfelle bli ei kai med dårlegare regularitet. Planarbeidet vil ta fleire år, og koste fleire millionar. I tillegg vil dette alternativet i all hovudsak gå inn på eit areal, til ein privat grunneigar, som ved gjenteke høve er veldig tydeleg på at det ikkje er ynskeleg med ei slik utvikling.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 19.05.2026:

Forslag til utsetting, foreslått av Doris Christensen, Kinn Arbeiderparti
Kommunestyret utset behandling av detaljreguleringsplan for Måsholmen inntil følgjande forhold er tilstrekkelig utgreidde og dokumenterte:

1. Maritime forhold og operativ regularitet

Det skal gjennomførast ny, fullverdig simulatortest basert på oppdatert planløysing (inkludert faktisk kaiutforming og terreng)

Testen skal dokumenterast med skriftleg rapport som omfattar

- operasjonelle vindgrenser
- effekt av ulike vindretningar
- påverknad av fartøystorleik og samtidige operasjonar

2. Samla trafikkbelastning

Det skal gjennomførast trafikkanalyse for full utbygging av næringsområdet (ikkje berre startfase).

Analysen skal ta utgangspunkt i

- planlagt areal (inntill 100 000m²)
- verksemdtypar som er lagt til grunn i forretningsplanen

- trafikkberekning skal gjennomførast etter Statens vegvesen sin metodikk, eller tilsvarande metode.

Habilitetsvurdering:

Repr. Nydal (KrF) ønskjer sin habilitet vurdert, då han er styreleiar i iVest Consult, som har hatt oppdrag for kommunen. Han er også styremedlem i Florø Hamn KF.

Kommunedirektøren opplyser at repr. Nydal er styreleiar i eit selskap som har levert ein fagleg rapport tidlegare, det er ingen avtale som føreligg i dag, og Nydal har ikkje delteke i arbeidet. Kommunedirektøren vurderer at representanten er habil etter fvl. § 6 1.ledd. Etter § 6 2. ledd kan representanten skjønsmessig vurderast inhabil grunna si rolle som styremedlem. Kommunedirektøren innstiller difor representanten som inhabil. Kommunestyret erklærer samrøystes representanten inhabil.

Repr. Nydal (KrF) fråtrer i saka.

Ordførar Solheim-Olsen (H) ønskjer sin habilitet, då han er varamedlem i styret i Florø Hamn KF, han har ikkje deltatt i styremøter om saka. Kommunedirektøren vurderer at ordførar er habil.

Kommunestyret erklærer samrøystes ordføraren habil.

Repr. Solbakken (SV) ønskjer sin habilitet, då ho er varamedlem i styret i Florø Hamn KF, og har aldri deltatt på nokon styremøter. Kommunedirektøren vurderer at representanten er habil.

Kommunestyret erklærer samrøystes representanten habil.

Repr. Svardahl (H) ønskjer sin habilitet vurdert, då han er aksjeeigar i iVest Consult. Kommunedirektøren vurderer representanten som habil etter fvl. § 6, då selskapet har levert ein fagleg rapport.

Kommunestyret erklærer representanten habil mot ei røyst frå Raudt v/Tveranger.

37 røysteføre i denne saken.

Røysting:

Utsetjingsframlegg frå AP v/repr. Christensen falt med 17 røyster (4 Raudt, 8 AP, 3 Venstre, 2 SV).

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedtatt mot 17 røyster (4 Raudt, 8 AP, 3 Venstre, 2 SV).

KOST- 073/26 Vedtak:


1. I medhald av pbl §12-12, vedtek Kinn kommunestyre framlegg til Detaljregulering for Måsholmen - Håskjær, gbnr. 28/3, næring og hamn. PlanID 20220102, med Planomtale, Konsekvensutgreiingar og ROS-analyse datert 05.02.2024 og føresegnar sist datert 29.04.2024, når plankart er justert i samsvar med skisse datert 29.04.2024.
2. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak, sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde:

Bruløysing/seilingshøgde Nytt pkt.e) Det skal tilretteleggast for at mindre fritidsbåtar framleis skal kunne gå gjennom Trolleskjærsundet. Bruløysing skal difor ha tilstrekkeleg seglingshøgde til dette formålet, og ivareta sikkerheita både for trafikk og dei sjøfarande.

Saksutgreiing med alle tilhøyrande vedlegg frå KOST 063/24 er vidareført i denne saka, og er såleis formelt underlagsdokumentasjon til dette vedtaket.

Vedlegg i saken:

- Vedlegg 1 - Lovlegkontroll frå Statsforvaltaren - oppheva vedtak i sak 17/26 – Reguleringsplan for Måsholmen og Håskjera
- Vedlegg 2 - Rapport - Næringsareal og hamneforhold i Gunhildvågen og Florø 29.04.2025
- Vedlegg 3 - Presentasjon av ferdig rapport for plan og Miljøutvalet 29.04.2025
- Vedlegg 4 - Forretningsplan Og Økonomimodell – Måsholmen Næringsområde 14 01 2026
- Vedlegg 5 - Illustrasjon mogleg redusert utbygging Måsholmen
- Vedlegg 6 - Vurdering - Redusert utbygging ved Måsholmen_20251103
- Vedlegg 7 - Presentasjon frå Global Florø as
- Vedlegg 8 - Presentasjon frå NCL
- Vedlegg 9 - Sluttbehandling - Detaljregulering for Måsholmen - Håskjær, gbnr. 28/3, næring og hamn. PlanID 20220102
- Vedlegg 10 - Innkomne merknadar høyring_PlanID 20220102_Måsholmen-Håskjera
- Vedlegg 11 - 20220102_Føresegner_Måsholmen_REV2_2024-04-29_etter høyring
- Vedlegg 12 - 2022052_A0_Plankart_Måsholmen_Skisse etter høyring_29-04-2024
- Vedlegg 13 - 20220102_PLANOMTALE_RP Måsholmen_Rev1_20240205
- Vedlegg 14 - 20220102_A0_Plankart_Måsholmen_20240205_REV1
- Vedlegg 15 - V2_2022052 ROS_Måsholmen_20231220
- Vedlegg 16 - V3_10250568-01-RIG-RAP-001 Geoteknisk Datarapport
- Vedlegg 17 - V4_10250568-01-RIG-NOT-001_rev01 Innledende geotekniske vurderinger
- Vedlegg 18 - V5_10250568-01-RIGM-RAP-001 Datarapport miljø
- Vedlegg 19 - V6_10250568-02-RIA-RAP-001 Måsholmen Florø - støyutredning
- Vedlegg 20 - V7_10250568-03-RIMT-NOT-001_Rev01 Bølger og overskylling Måsholmen
- Vedlegg 21 - V8_10250568-04-RIT-NOT-001 - Trafikkanalyse Måsholmen
- Vedlegg 22 - V9_Konsekvensutredning Landskap_Nynorsk
- Vedlegg 23 - V10_Konsekvensutredning friluftsliv 19.12.23
- Vedlegg 24 - V11_Konsekvensutredning naturmangfold_revidert (1)
- Vedlegg 25 - V12_Måsholmen - Håskjera Konsekvensutredning marin del Rev 0
- Vedlegg 26 - V13_Måsholmen - Håskjera tilleggsutredninger gruntvann og strøm Rev. 1
- Vedlegg 27 - 2022052 Massehandteringsplan 22.04.24_
- Vedlegg 28 - Avklaring DNV befarung ålegras Måsholmen 2023
- Vedlegg 29 - Fiskeridirektoratets svar på forslag til løsning for å imøtekomme Fiskeridirektoratet sin innsigelse - Detaljregulering for Måsholmen-Håskjera
- Vedlegg 30 - Plansak for offentlig ettersyn - Detaljregulering for Måsholmen - Håskjera, gbnr. 28/3, næring og hamn. PlanID 20220102
- Vedlegg 31 - Presentasjon Folkemøte_2024-04-29_Måsholmen-Håskjera
- Vedlegg 32 - Menon publikasjon 682024 - analyse av næringslivet i Kinn kommune april 2024
- Vedlegg 33 - Notat - analyse av muligheter og utfordringer Måsholmen
- Vedlegg 34 - Notat - analyse av muligheter og utfordringer Måsholmen
- Vedlegg 35 - Presentasjon Ringverknadar Måsholmen - Håskjera 170424 FINAL (2)
- Vedlegg 36 - Notat - Bruløysing Måsholmen
- Vedlegg 37 - Svar på spørsmål angående detaljregulering for Måsholmen - Håskjær, gbnr 28/3, næring og hamn
- Vedlegg 38 ettersendt - Vedrørende simulatortest og Kystverket si losteneste si tilbakemelding om Måsholmen
- Vedlegg 39 ettersendt - Aksjonæravtale Måsholmen utvikling AS



Kinn kommune

Arkiv: PlanId-20230004,
PlanNamn-
Detaljregulering
Nygårdstangen, gbnr.
309/12, 157, offentlig
formål, PlanType-35,
FA-L12, GBN-309/12,
GBN-309/12,
PlanNamn-
Detaljregulering
Nygårdstangen, gbnr.
309/12, 157, offentlig
formål, GBN-309/12,
PlanNamn-
Detaljregulering
Nygårdstangen, gbnr.
309/12, 157, offentlig
formål, GBN-309/157

JournalpostID: 26/16515

Sakshandsamar: Heidi Dyrøy

Dato: 16.04.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
038/26	Plan- og miljøutvalet	28.04.2026
074/26	Kommunestyret	19.05.2026

Sluttbehandling - Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157, offentlig formål

KOST- 074/26 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157, offentlig formål, planID 20230004, med planomtale plankart og føresegner sist datert 15.04.2026 og ROS-analyse sist datert 17.03.2026, samt andre tilhørende dokument.
2. Ved godkjenning av Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157, offentlig formål, planID 20230004 tek ein sikte på å tilpasse ny plan til, og oppheve delar av følgjande planar, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhørende føresegner:
 - Reguleringsplan for Tennebø, planID 1439199303, vedteken 07.06.1993.
 - Mindre endring av Reguleringsplan for Tennebø, tilkomst til Måløy vgs, planID 1439201803, vedteken 07.06.2018.

Vedtak som innstilling frå Plan- og miljøutvalet - 28.04.2026

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157, offentlig formål, planID 20230004, med planomtale plankart og føresegner sist datert 15.04.2026 og ROS-analyse sist datert 17.03.2026, samt

andre tilhøyrande dokument.

2. Ved godkjenning av Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157, offentlig formål, planID 20230004 tek ein sikte på å tilpasse ny plan til, og oppheve delar av følgjande planar, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner:
 - Reguleringsplan for Tennebø, planID 1439199303, vedteken 07.06.1993.
 - Mindre endring av Reguleringsplan for Tennebø, tilkomst til Måløy vgs, planID 1439201803, vedteken 07.06.2018.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157, offentlig formål, planID 20230004, med planomtale plankart og føresegner sist datert 15.04.2026 og ROS-analyse sist datert 17.03.2026, samt andre tilhøyrande dokument.
2. Ved godkjenning av Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157, offentlig formål, planID 20230004 tek ein sikte på å tilpasse ny plan til, og oppheve delar av følgjande planar, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner:
 - Reguleringsplan for Tennebø, planID 1439199303, vedteken 07.06.1993.
 - Mindre endring av Reguleringsplan for Tennebø, tilkomst til Måløy vgs, planID 1439201803, vedteken 07.06.2018.

KVA SAKA GJELD

Vestland fylkeskommune ønskjer å bygge ut Måløy Vidaregåande skule og fagskulen på Vestlandet avdeling Måløy. Det er behov for auka klasseromkapasitet, og ønskje om å legge til rette for å styrke kompetansen innafor akvakultur. Planforslaget blei førstegongsbehandla av Plan- og miljøutvalet den 29.04.2025 i sak 031/25. Plan- og miljøutvalet vedtok å fremje saka, sende den på høyring og leggje den ut til offentlig ettersyn. I høyringsperioden 19.06.2025 - 22.08.2025 er det kome inn 4 innspel og merknader frå offentlege instansar, der to av desse inneheld motsegn.

For å løyse motsegnene er det gjort endringar i planmaterialet. Desse går fram av kap 7 i planomtalen. Dei viktigaste endringane er at det er innarbeidd trafikkøyr i tråd med vegnormal N100 ved kryss mot Rv15. Motsegnene er no løyst, og kommunedirektøren tilrår at planforslaget Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157, offentlig formål, planID 20230004 blir vedteke.

INNLEIING

Planforslaget

Forslag til Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157, offentlig formål, planID 20230004 er motteke frå Asplan Viak AS. Vestland fylkeskommune er forslagsstillar.


Formålet med reguleringa

Vestland fylkeskommune ønskjer å bygge ut Måløy Vidaregåande skule og fagskulen på Vestlandet avdeling Måløy. Det er behov for auka klasseromkapasitet, og ønskje om å legge til rette for å styrke kompetansen innafor akvakultur.

Forhold til overordna planar

I kommuneplan for Vågsøy kommune 2002-2014 er området avsett til arealformål

«offentlege bygningar» og «friområde». Området har omsynssone «unntatt rettsverknad» som betyr at det er reguleringsplanen for området (Reguleringsplan for Tennebø, plan-ID 1439199303) som gjeld. Området er også omfatta av krav om reguleringsplan ved nye tiltak. Kartutsnitt av gjeldande kommuneplan under.



I framlegg til ny kommuneplan som har vore på offentlig ettersyn er aktuelt areal på land avsett til offentlig tenesteyting, o_T026 (noverande) og o_T034 (framtidig), areal i aust er avsett til off. friområde o_FRI071, og areal i sjø er avsett til Bruk og vern av sjø og vassdrag, BSV. Felt o_T034 er konsekvensutgreidd, og er i KU tilrådd med plankrav. Det er i forslag til føresegner innarbeidd plankrav for o_T034, samt for o_T026 ved større utbygging.

Med bakgrunn i det ovanståande er framlegget til ny detaljreguleringsplan vurdert å være i tråd med arealdelen i kommuneplanen.

Planforslaget medfører ikkje omdisponering av dyrka areal.

Gjeldande reguleringsplan

Gjeldande reguleringsplan er «Reguleringsplan for Tennebø», plan-ID: 1439199303, vedteken i 1993. I reguleringsplanen er ein større del av Nygardstangen regulert til «park, F4 (bading/leik)». Den delen av området der eksisterande skulebygg står i dag er regulert til «O3 skole».

Ved Rv15 vart det i 2018 godkjent mindre endring av Reguleringsplan for Tennebø, tilkomst til Måløy vgs, planID 1439201803, for å regulere eksisterande tilkomst med geometri utforma i tråd med Statens vegvesen sine retningslinjer og å flytte busslomma ved rv. 5. Nytt anlegg vart ferdigstilt i 2022.

Førstegongsbehandling

Planforslaget blei førstegongsbehandla av Plan- og miljøutvalet den 29.04.2025 i sak 031/25. Plan- og miljøutvalet vedtok å fremje saka, sende den på høyring og leggje den ut til offentlig ettersyn, med eit tilleggspunkt i vedtaket:

«4. Plan- og miljøutvalet vurderer at parkeringsdekning som er vist til planframlegget er

for liten for faktisk behov i området, og krev at parkeringsdekning vert ekstra utgreidd før vedtak av planen.»

I høyringsperioden 19.06.2025 - 22.08.2025 er det kome inn 4 innspel og merknader frå offentlege instansar, der to av desse inneheld motsegn.

Høyringsfråsegner

Planforslaget blei lagt ut til offentlig ettersyn i perioden frå 19.06.2025 - 22.08.2025. I same periode blei forslaget sendt til fråsegn mellom anna til regionale myndigheiter, grunneigarar som forslaget ville få konsekvensar for, og tenesteområde i kommunen. det kome inn 4 innspel og merknader frå offentlege instansar, der to av desse inneheld motsegn. Dei følgjer saka som utrykte vedlegg. Hovudtrekka i merknadene er refererte i eit eige vedlegg.

Motsegner

NVE har motsegn på grunn av manglande uavhengig kvalitetssikring for skredfarevurdering for bygg/tiltak i tryggleiksklasse S3. Motsegna er løyst gjennom at kvalitetssikring er utført, og aktuelle avvik er lukka, jf. NVE sitt brev datert 24.09.2025, dette er vedlagt.

Statens vegvesen har motsegn med krav om at trafikkøy i tråd med vegnormal N100 vert tatt med i reguleringsplanen. Motsegna er løyst gjennom at trafikkøy i tråd med vegnormal N100 er innarbeidd i reguleringsplanen. Statens vegvesen har på bakgrunn av desse endringane trekt motsegna i brev datert 13.04.2026, dette brevet er vedlagt.

Lovheimlar

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 blir saka lagd fram til vedtak for kommunestyret.

VURDERING

Innkomne merknader

Vurderinga av dei enkelte innkomne fråsegnene kjem fram av vedlegget med oppsummering av merknadane.

Motsegner

Motsegn frå NVE om manglande kvalitetssikring av skredfarevurdering er løyst, og motsegna trekt. Denne påverkar ikkje planforslag eller planløyising.

Det er gjort endringar i planforslaget for å rette seg etter motsegna frå Statens vegvesen. Motsegna er no trekt (sjå tredje siste vedlegg, «*Oversending av reviderte dokument for Detaljregulering ...*»), og kommunestyret kan gjere endeleg planvedtak.

Endringar etter førstegongshandsaming

Endringar i planmaterialet etter førstegongshandsaming går fram av kap 7 i planomtalen. Hovudpunkta i endringane er:

- Det er innarbeidd trafikkøy i tråd med vegnormal N100 ved kryss mot Rv15, på grunn av at ny utbygging innanfor planområdet vil kunna ha verknad på framtidig trafikkavvikling i krysset, jf. motsegn frå Statens vegvesen. Dette har medført endring av plankart, planføresegner planomtalen og vedlegg som vist til i kap 7.1 i planomtalen.
- Det er gjort endringar i ROS-analysen som følgje av ny rapport om høg vasstand, bølger og overskylling (Multiconsult, 15.12.2025). Dette har medført endringar i planomtalen og føresegnene, jf. kap 7.2 i planomtalen.
- Det er gjennomført sporing av lastebil på skuleområdet for å følgje opp merknad frå Statens vegvesen i høve trafikktryggleik for mjuke trafikantar på skuleområdet, sjå kap 7.3 i planomtalen.
- Det er innarbeidd moglegheit for etablering av teknisk rom på tak, inntil 60 m²

med høgde inntil kote 14,5 i føresegnene, med tilhøyrande endringar av illustrasjonane som viser utbygginga.

Endring av planmaterialet i høve kryssutforming har vore på forenkla høyring til Statens vegvesen. Dei andre endringane er av ein slik karakter at dei ikkje er vurdert å utløyse krav til høyring.

Parkeringssituasjonen i området

For å følgje opp punkt 4 i vedtaket til Plan- og miljøutvalet vedrørande parkeringsdekning i hele området inkludert Nordfjordhallen er det utarbeidd eit notat som ser på parkeringssituasjonen i området i dag. Oppteljing viser at det er i dag totalt ca 250 parkeringsplassar innafor området, sjå figur under.



Planframlegget legg til rette for 80 parkeringsplassar, noko som er 5 gongar meir enn minstekrava i forslag til kommuneplan som har vore på høyring, og som er ei auke på 17 i høve dagens situasjon, utan at det er planlagt vesentleg auke i talet på elevar eller tilsette ved skulen.

Vidare viser notatet at ved avvikling av den mellombelse barneskulen vil det være mogleg å etablere inntil 60 nye plassar i dette området, men dette arealet er ikkje ein del av planarbeidet for Måløy VGS. Det vert og vist til at det vil være naturleg å sjå for seg sambruk av parkeringsplassar mellom skule- og idrettsfunksjonar. Etter skuletid, i helger og ved arrangement er det mogleg å bruka den vidaregåande skulen sine parkeringsplassar i samband med bruk av Samfunnshallen, Nordfjordhallen og stadionanlegget. Med planforslaget vert parkeringsplassane til fagskulen flytta frå kaien til eit eige område for parkering lenger nord. Det nye parkeringsområdet ligg like ved gangveg / snarveg til stadion.

Etter administrasjonen si vurdering viser planframlegget, saman med notat Parkering (vedlegg 18-4), at parkeringsdekninga innfor planområdet er tilfredsstillande i høve dei funksjonane som planframlegget legg til rette for, og at det ikkje vil være rimeleg ut i frå reguleringsføremålet å krevje opparbeiding av fleire parkeringsplassar.

SAMLA VURDERING

Planforslaget er godt gjennomarbeidd og tek i vare nødvendige omsyn. Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor tilrår kommunedirektøren at planforslaget

Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157, offentlig formål, planID 20230004 blir vedteke.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen utover kostnader ved sakshandsaming av reguleringsplanen (offentleg plan).

Miljømessige konsekvensar:

Framgår av planmaterialet

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm:

Plan- og bygningslova med aktuelle forskrifter
Naturmangfaldlova

Behandling i Kommunestyret 19.05.2026:

Røysting:

Innstilling frå Plan- og miljøutvalet samrøystes vedtatt.

KOST- 074/26 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157, offentlig formål, planID 20230004, med planomtale plankart og føresegner sist datert 15.04.2026 og ROS-analyse sist datert 17.03.2026, samt andre tilhøyrande dokument.
2. Ved godkjenning av Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157, offentlig formål, planID 20230004 tek ein sikte på å tilpasse ny plan til, og oppheve delar av følgjande planar, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner:
 - Reguleringsplan for Tennebø, planID 1439199303, vedteken 07.06.1993.
 - Mindre endring av Reguleringsplan for Tennebø, tilkomst til Måløy vgs, planID 1439201803, vedteken 07.06.2018.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

PMUV- 038/26 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157, offentlig formål, planID 20230004, med planomtale plankart og føresegner sist datert 15.04.2026 og ROS-analyse sist datert 17.03.2026, samt andre tilhøyrande dokument.
2. Ved godkjenning av Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157, offentlig formål, planID 20230004 tek ein sikte på å tilpasse ny plan til, og oppheve delar av følgjande planar, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner:
 - Reguleringsplan for Tennebø, planID 1439199303, vedteken 07.06.1993.
 - Mindre endring av Reguleringsplan for Tennebø, tilkomst til Måløy vgs, planID

Vedlegg i saken:

Innkommne merknadar høyring_RP20230004

1 Plankart 15.04.2026

2-1 Planføresegner 15.04.2026

3 Planomtale 15.04.2025

4-1 Merknadshandsaming varsel om oppstart 11.10.2024

4-2 Merknader til planoppstart

5-1 Annonse oppstart planarbeid 24.08.2023

5-2 Varsel om oppstart av planarbeid 28.08.2023

5-3 Nabovarsel_kvittering

6 Illustrasjonsplan 13.03.2026 og 25.03.2025

7 Landskapssnitt A og B 18.03.2025

8 Oppsummering mulighetsstudie

9 Terrengsnitt A og B 09.10.2024

10 Fjernvirkninger 14.04.2026

11 Sol- og skyggeillustrasjoner 15.04.2026

12 Tegningshefte Måløy vgs og fagskule_11.03.2026

13-1 Temakart omsynssoner fare 13.03.2026

13-2 Temakart omsynssoner bevaring og bandlegging 13.03.2026

14 ROS-analyse_Måløy vgs 17.03.2026

15 VAO rammeplan 27.03.2025

16 Vurdering av planer om akvahall med uttak av vatn frå Nygårdsvatnet. NVE
15.08.2023

17-1 Kulturminnefagleg tilbakemelding etter § 9 registrering 13.03.2024

17-2 Kulturhistoriske registreringar. Vestland fylkeskommune 08.03.2024

18-1 Notat Trafikk og trafikksikkerhet 11.10.2024

18-2 Trafiikkvurdering kryss Rv15_MåløyVGS_19.09.2025

18-3 Trafiikkvurdering trafikkøy_Rv15_MåløyVGS_31.10.2025

18-4 Notat Parkering 13.11.2025

19 Notat Naturmangfold Nygårdstangen 14.09.2023

20 Vurdering av ålegraseng etter utfylling ved Deknepollen. Norconsult 03.12.2021

20_Ålegraseng etter utfylling

21 Vurdering av påvirkning fra overvannsavrenning på ålegraseng ved Deknepollen.
Norconsult 14.03.2025

21_Påverknad avrenning ålegras

22 Vurdering skredfare. Instanes AS og Skred AS 05.06.2024

23 Vurdering grunnforhold. Instanes AS 22.08.2024

24 Vurdering grunnforhold og stabilitet ved utfylling i sjø. Instanes AS 09.10.2024

25 Geoteknisk data- og vurderingsrapport ERA Geo og Lingen Grunnboring 08.10.2019

26 Miljøteknisk sedimentundersøkelse. WSP Norge AS 11.10.2019


27 Bølgepåkjenning i strandsonen Instanes AS 26.05.2025

28 Vurdering av høg vasstand, bølger og overskylling Multiconsult 15.12.2025

Oversending av reviderte dokument for Detaljregulering for Nygårdstangen, gnr 309/12
og 309/157 offentlig formål - planID 20230004 til uttale

NVE trekker motsegn - Detaljreguleringsplan for Nygårdstangen - Gnr. 309 bnr. 12 og
157 - Kinn kommune

Plansak for offentlig ettersyn - Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157,
offentlig formål, planID 20230004



Saksnr.	Utval	Møtedato
075/26	Kommunestyret	19.05.2026

Suppleringsval - varamedlem i formannskapet - SP

KOST- 075/26 Vedtak:

Nytt 2. varamedlem for Senterpartiet i formannskapet vert: Elisabeth Halsne

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Nytt 2. varamedlem for Senterpartiet i formannskapet vert:

Bakgrunn for saka:

Representant Eikevik vart vald inn som fast medlem for Senterpartiet i formannskapet i Ksak 014/26. Eikevik var tidlegare varamedlem i utvalet. Det må difor gjennomførast suppleringsval av nytt varamedlem.

Saksopplysningar:

Etter kommunelova § 710 5. ledd skal det gjennomførast suppleringsval dersom talet på varamedlemmar i formannskapet er blitt for lågt. Suppleringsvalet skal så langt som mogleg sikre at den politiske samansetjinga i organet blir vidareført i samsvar med resultatet av det opphavlege valet.

Suppleringsvalet skal skje innanfor den gruppa som har fått redusert talet på varamedlemmar.

Vurderingar:

Det følgjer av kommunelova § 710 6. ledd at suppleringsval òg skal gjennomførast i samsvar med reglane om kjønnsrepresentasjon. Dette inneber at det, når det er mogleg, skal veljast kandidat av det kjønnet som er underrepresentert i den aktuelle vararekkja. I denne saka er det allereie valt eit mannleg varamedlem til formannskapet. For å oppfylle kravet om kjønnsbalanse etter kommunelova, talar dette for at suppleringsvalet bør falle på eit kvinneleg varamedlem, dersom det finst valbare kandidatar. Ei slik løysing er i tråd med lova sitt formål om jamn kjønnsrepresentasjon i folkevalde organ.

Ved suppleringsval kan Senterpartiet sjølv foreslå kandidat. Kommunestyret skal deretter velje den foreslåtte kandidaten dersom dei lovfasta vilkåra er oppfylte. Det nyvalde varamedlemmet skal plasserast nederst på varamedlemslista for formannskapet.

Økonomiske konsekvensar:

Saka har ingen direkte økonomiske konsekvensar for kommunen.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova §7-10

Behandling i Kommunestyret 19.05.2026:

SP, foreslått av Anita Eikevik, Kinn Senterparti


Nytt 2. varamedlem for Senterpartiet i formannskapet vert: Elisabeth Halsne

Røysting:

Framlegg frå SP v/repr. Eikevik samrøystes vedtatt.

KOST- 075/26 Vedtak:

Nytt 2. varamedlem for Senterpartiet i formannskapet vert: Elisabeth Halsne



Saksnr.	Utval	Møtedato
076/26	Kommunestyret	19.05.2026

Interpellasjonar

KOST- 076/26 Vedtak:
Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 19.05.2026:

INTER 005/26

Interpellasjon frå Raudt v/repr. G. Oldeide - Om Skyss bestilling i Vågsøy-området

Skyss si bestillingsordning i Vågsøy-området har no vore i drift i snart eitt år. Ordninga har vore eit viktig og positivt tiltak for å betre eit elles avgrensa rutetilbod, og har gjort det mogleg for fleire innbyggjarar å nytte kollektivtransport i kvardagen.

For mange har dette vore eit etterlengta løft.

Samtidig er det naturleg at ein etter snart eitt års drift gjer ei samla vurdering av korleis ordninga fungerer i praksis – både når det gjeld bruk, dekning og eventuelle behov for justeringar.

Det er særleg grunn til å peike på utfordringar knytt til geografisk dekning. Fleire utkantområde står i dag utan tilbod gjennom bestillings-ordninga, mellom anna Færestrand, Osmundsvåg og Kråkenesbygda.

Dette skaper eit skeivt tilbod der nokre område får eit betre kollektivtilbod, medan andre framleis står utan reelle alternativ.

Eit konkret døme som illustrerer utfordringane, er situasjonen i Torskangerpollen. Når bestillings-bussen skal hente passasjerar der, må han likevel stundom køyre til Færestrand for å snu. Det framstår som eit paradoks at bussen fysisk køyrer til eit område – utan at innbyggjarane der får nytte seg av tilbodet. Dersom folk frå Færestrand prøver å bestille ein tur får dei beskjed om å sjølve komme seg til Torskangerpollen for å kunne bli plukka opp der.

På denne bakgrunnen har eg følgjande spørsmål:

1. Vil det bli teke initiativ overfor Skyss og Vestland fylkeskommune for å få gjennomført ei evaluering av bestillings-ordninga i Vågsøy-området etter det første driftsåret?

2. Kva vurderingar ligg til grunn for at område som Færestranda, Osmundsvågen og Kråkenesbygda ikkje er inkluderte i ordninga?

3. Er ordføraren samd i at kommunen bør arbeide for å utvide bestillings-ordninga slik at også desse områda får eit reelt tilbod?

Eg meiner det er viktig at ein no nyttar erfaringane frå det første året til å vidareutvikle ordninga, slik at ho blir meir rettferdig, effektiv og tilpassa behova i heile kommunen.

Svar frå ordførar:

Skyss har tidlegare opplyst at ordninga skal gje eit betre og meir fleksibelt tilbod, jf sak i Fjordenes Tidende 3. mars. Dei har også opplyst at ordninga framleis er under utvikling, og at dei kan vurdere om området i Måløy er for stort for å handterast med kun éin buss.

Seinast i mars var administrasjonen i kontakt med Skyss etter eit innspel om at bussen burde gå til Nordfjordhallen i staden for å snu ved Kiwi i Deknepollen. Dette lovde Skyss å sjå på.

Etter dialog med Skyss i dag, seier Skyss at dei kjenner til det konkrete tilfellet i Færestrand, og ser på løysing for dette.

Osmundsvåg og Kråkenesbygda er definert som for langt unna ruta for å bli innlemma i sona. Å legge til fleire «armar» på ruta vil kunne medføre behov for å bygge om ordninga.

Svar på spørsmåla:


1. Kinn kommune kan oppmode Skyss/Vestland fylkeskommune om å evaluere ordninga med bestillingstransport.
2. Slik vi forstår det, er grunnen til at enkelte område ikkje er inkludert i ordninga, at området ikkje kan vere for stort. Eit større område vil gje lenger ventetid enn det som er definert som akseptabelt for ordninga.
3. Kinn kommune har ved fleire høve gitt innspel til Skyss for å forbetre og utvide ordninga, og det vil vi halde fram med.

KOST- 076/26 Vedtak:

Ingen vedtak.

Underliggende sak:

005/26, Interpellasjon - Om Skyss bestilling i Vågsøy-området



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/26	Kommunestyret	09.04.2026
005/26	Kommunestyret	19.05.2026

Interpellasjon - Om Skyss bestilling i Vågsøy-området

KOST- 005/26 Vedtak:

Behandling i Kommunestyret 19.05.2026:

KOST- 005/26 Vedtak:

Vedlegg i saken:
websak_inn.xml



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
077/26	Kommunestyret	19.05.2026

Mogleg utviding av røstekrinsar til rådgjevande folkerøysting om målform på Skram skole

KOST- 077/26 Vedtak:

Raudeberg skule sitt opptaksområde får høve til å røyste ved den rådgjevande folkerøystinga om målform på Skram skole.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at Raudeberg skule sitt opptaksområde får høve til å røyste ved den rådgjevande folkerøystinga om målform på Skram skole.

Bakgrunn for saka:

Den 5. mars vedtok kommunestyret i sak 036/26 føresetnader for gjennomføring av rådgjevande folkerøysting om målform på Skram skole. Kommunestyret sitt vedtak definerer kven som har rett til å røyste ved den rådgjevande folkerøystinga, og avgrensar dette til opptaksområde for Skram skole i dag. Det vil seie at føresette og andre som bur innanfor Raudeberg sitt opptaksområde i dag, ikkje vil få høve til å røyste ved den rådgjevande folkerøystinga. Raudeberg skule vert lagt ned frå 01.08.2027, og vert innlemma i Skram skole same året som vedtak om målform vert gjeldande.

Saksopplysningar:

Det har kome kommentarar frå bebuarar innanfor Raudeberg skule sitt opptaksområde i dag, der dei uttrykker ønskje om at dei får høve til å bli høyrte i den rådgjevande folkerøystinga.

Dersom kommunestyret ønskjer at retten til å røyste skal utvidast til å inkludere Raudeberg sitt opptaksområde må dette gjerast i eiga sak. Dette saksframlegget legg opp til at Raudeberg opptaksområde får høve til å røyste.

Vurderingar:

Dersom kommunestyret vedtar kommunedirektøren sitt framlegg, vert informasjon sendt til røysteføre innanfor Raudeberg sitt opptaksområde, og det vert bestilt oppdatert manntal for den rådgjevande folkerøystinga.

Økonomiske konsekvensar:

Informasjonsbrev til røysteføre, bestilling av manntal og auke opp tal røystesettar vil føre til auka utgifter. Estimert kostnad på dette vert om lag 30 000 kroner.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Veileder om lokale rådgivende folkeavstemninger

Behandling i Kommunestyret 19.05.2026:**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KOST- 077/26 Vedtak:

Raudeberg skule sitt opptaksområde får høve til å røyste ved den rådgjevande folkerøystinga om målform på Skram skole.